

Årsmelding 2021



Dagsturhytta «Prestakvilet». Foto: Catrin Langeland



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Innhald

Rådmannen har ordet	side 3
Driftsrekneskapen 2021	side 7
Investeringar 2021	side 25
Vedlegg: Rekneskapsskjema 2021	side 27
Rådmannskontoret	side 34
Eining for innbyggjarservice	side 41
Eining for livsmeistring	side 46
Sektor samfunnsutvikling	side 53
Teknisk forvaltning	side 54
Teknisk drift	side 59
Sektor helse og omsorg	side 64
Eining pleie og omsorg	side 64
Avdeling funksjonshemma	side 72
Eining helse	side 76
Sektor oppvekst	side 80
Dråpeslottet barnehage	side 85
Vassloppa barnehage	side 89
Samnanger barneskule	side 93
Samnanger ungdomsskule	side 97

RÅDMANNEN HAR ORDET

Rådmannen har ordet

Om årsmeldinga

Årsmeldinga skal utarbeidast i tråd med kommunelova § 14-7 kor mellom anna bokstav a) seier at «årsberetningen skal redegjøre for forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid».

I årsmeldinga vil ein finne nærare skildringar av dei ulike sektorane og einingane sitt arbeid gjennom året, samt mål dei rettar seg mot (jfr. kommunelova § 14-7 c).

Utforminga av årsmeldinga skal vere slik at ho kan fungere som eit styrings- og kontrollverktøy for kommunestyret, samstundes som at ho gjev god informasjon til innbyggjarar og andre om kommunen si verksemd og utvikling. Dette skal omfatte kommunen sin økonomi, samt ein overordna omtale av sentrale forhold.

Det er kommunestyret som vedtek årsmeldinga (jfr. kommunelova § 14-2).

Gjennom året 2021

«I hjarta av Hordaland ligg vakre Samnanger og speglar seg mellom fjord og fjell.....»

Sitatet er henta frå ordføraren si helsing i informasjonsheftet til Samnanger kommune 2017.

Samnanger har mange gode føresetnadar for å verte den staden folk vil leve og bu. Samfunnsutviklinga bør difor styrast i retning av at kommunen kan få til vidare vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar, i tillegg til stadig betring av kommunale tenestetilbod. Oppmodinga vert difor at årsmeldinga godt kan lesast som det oppsummerande augneblinksbiletet ho er, men også som utgangspunkt for vidare utvikling.

Samnanger kommune hadde ein nedgang i folketalet på 7 frå utgangen av 2020 til utgangen av 2021. Det gjer at folketalet ved slutten av 2021 enda opp på 2 497 personar. I følge framskrivingar frå SSB vil Samnanger kunne få 148 (6 %) fleire innbyggjarar i perioden

2020 til 2050. Det er likevel verdt å merkje seg at me innanfor det *saml*a folketalet vil få endringar i retning fleire eldre og færre yngre. Ei slik samfunnsutvikling utfordrar oss m.a. på korleis me vil innrette dei kommunale tenestene i 10-åra som kjem.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2007. Mykje har endra seg både i og utanfor Samnanger kommune sidan då. Det har ikkje lukkast for kommunen å få revidert planen i 2021. Det har heller ikkje lukkast kommunen å få vedteke kommunal planstrategi i 2021. Dette spelar inn på kommunen si overordna planlegging og prioritering av planoppgåver innanfor kommunestyreperioden me no er inne i (2019 – 2023). Kommuneplanen sin samfunnsdel er staden kor drøftingar om den overordna retninga for Samnanger kommune skal finne stad, og som vidare gjev føringar for kommuneplanen sin arealdel og øvrige planar.

I årsmeldinga for 2020 viste dåverande rådmann til at det var starta ein prosess som omhandla betre samanheng mellom planar, budsjettokument, økonomiplanprosess og årsmeldinga. Dette arbeidet har gått føre seg gjennom 2021. *Framsikt* (verktøy for m.a. planlegging, budsjettering, rapportering) er tatt i bruk på områda planlegging og månadsrapportering. Dette har skapt gode integrasjonar mellom planverk, styringssystem og internkontroll. Vinstar her er meir effektive styrings- og arbeidsprosessar og betre publikasjonar. Ambisjonen er at me gjennom 2022 skal løfte dette arbeidet ytterlegare.

Det er vanskeleg å komme utanom dei utfordringar som Covid-19-pandemien har ført med seg. Dei ulike tenestene har måtte snu seg raskt rundt for å handtere tiltak og restriksjonar som vart gjort gjeldande både frå nasjonalt og lokalt hald. Heimekontor for tilsette har utfordra oss på korleis me skal virke og samhandle som organisasjon. Erfaringa er at tilsette i Samnanger kommune har levert på øvste hylle. Rådmannen vil også gje ros til alle einingane for god økonomistyring i ei tid kor tenesteytingane har blitt påverka av forhold knytt til pandemihandteringa. Det er likevel viktig å ta med seg at noko utviklingsarbeid og anna planlagt arbeid har måtte vike i ein periode. Dette må me ta fatt på når me i 2022 vonaleg er på veg ut av pandemien.

Samnanger kommune vedtok ved fleire høve hausten 2021 lokale forskrifter *utover* dei nasjonale tiltaka. Desse omhandla smitteverntiltak og vart koordinert med Bergen og omlandskommunane.

Det har i løpet av 2021 blitt etablert eit fokus på å sikre godt samarbeid mellom politisk og administrativt nivå. Her vart det på hausten starta opp eit arbeid kor den gode dialogen skulle dyrkast fram. Rådmannen vil takke alle deltakande. Målet er å vidareføre dette arbeidet inn i 2022. Samnanger kommune har alle moglegheiter til å kunne verte ein draumekommune å arbeide i, bu i og å utøve politisk engasjement i.

To viktige hendingar i 2021 var etablering av eiga barnevernteneste i august og nytt kontaktsenter (for Samnanger og Gulen) i september. Tilsette har levert ein stor og viktig innsats i arbeidet med å løfte oss opp på nivå som set oss i stand til å levere stadig betre tenester til innbyggjarane

Fleirbrukshall for Samnanger kommune har vore eit aktuelt tema over tid. Det vart i juni 2021 gjort vedtak om at det skulle byggjast fleirbrukshall/idrettshall som skal stå ferdig innan få år. Dette vil kunne byggje opp under Samnanger kommune sin visjon om «*der du vil leva og bu*». Stadsattraktivitet handlar i stor grad om korleis folk skal leve liva sine i det daglege. Kultur og idrett er viktige område som samlar og aktiviserer.

Samnanger kommune er ein liten organisasjon som gjer at me fort kan snu oss rundt. Slik kan me finne praktiske løysingar når behova melder seg. Det er samstundes også utfordrande ved at dei tilsette stundom må strekkje seg langt. Rådmannen vil understreke at dei viser ein formidabel stå-på-vilje. Dette har som allereie nemnt særleg kome til syne i pandemihandteringa, men også ved andre høve der det har vore bruk

for ekstrainsats.

Årets økonomiske resultat

Kommunen hadde i 2021 eit mindreforbruk på kr 12 996 715. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på kr 20 542 506. Med det er det ein monaleg auke frå året før; på kr 11 893 919.

Årsaka til at kommunen fekk eit såpass godt økonomisk resultat, kan i hovudsak tilskrivas tilhøve utanfor drifta. Konesjonskrafta og skattekapittelet enda opp 20 mill. kr betre enn det ein hadde lagt til grunn i opphavelag budsjett. Investeringsida var prega av at ein grunna pandemien ikkje fekk gjennomført alt det som var planlagt, og at kommunen difor fekk eit stort mindreforbruk i høve til opphavelag investeringsbudsjett.

Overordna vurdering av den økonomiske stoda, og av handlevna over tid

Det økonomiske resultatet til kommunen i 2021 gjorde at kommunen sine nøkkeltal på fleire område har betra seg. Kommunen har no eit disposisjonsfond på over 20 mnok, gjeldsgraden er på under 100 % og driftsresultat på 4,8 % er over både tilrådd nivå frå riksrevisjonen og langt over kommunen sitt mål om minimumsresultat.

Samnanger kommune har framleis relativt høg gjeld og eit ikkje alt for høgt disposisjonsfond, og dette gjer at kommuneøkonomien framleis er sårbar dersom ein ikkje gjer naudsynpte grep. Isolert sett er det likevel lov å gleda seg over at kommunen sin økonomi fekk eit oppsving i 2021.

Inntektssida

På inntektssida låg Samnanger kommune under landsgjennomsnittet kva gjeld inntekt frå skatt. Dette sjølv om 2021 vart eit godt skattemessig år for kommunen. Utover skatteinntektene nyt ein godt av inntektskjelder; særskilt eigedomsskatt og sal av konsesjonskraft. Det som er å poengtera er at både skatt og kraftprisar er avhengige av konjunkturar og andre økonomiske tilhøve som svingar opp og ned. Rådmannen gler seg over dagens inntektsnivå som ser ut til å vedvare ei stund utover 2021, men meiner at det er fornuftig å redusera avhengigheita av høge inntekter.

Når det gjeld rammetilskot frå sentralt hald til Samnanger kommune kom kommunen økonomisk dårleg ut gjennom inntektssystemet etter at kommunereforma med samanslåingar vart gjennomført. Den nye regjeringa skal gå gjennom inntektssystemet for å vurdere om små kommunar som Samnanger, som valde å stå utanfor aktuelle samanslåingar, framleis skal koma dårlegare ut i inntektssystemet.

Utgiftssida


For utgiftssida gav kommunen si lånegjeld på 255 mnok i 2021 rente- og avdragsbetaling på 13,42 mnok. Frå 2014 har kommunen auka lånegjelda med 90 mnok. Svært låg rente over fleire år har vore avgjerande for at kostnadene ved lånegjelda ikkje har auka kraftig, og dermed ikkje skapt negative konsekvensar for tenestetilbodet. Høgare lånerente kan komme, og det er viktig å ta høgde for dette. Ei tilnærming til auka framtidig renterisiko vil vere å gjera bindingar av rentenivået på eit lågast mogleg nivå. Eit anna viktig moment vil vere å ha fokus på korleis framtidige investeringar kan gje innsparingar i drifta, og såleis dekkja auka rente- og avdragsbetaling gjennom dette.

Kommunen sine mogelegheiter for kommande år

- Vurdere rom for meir effektiv drift i fleire av tenestene
- Vurdere korleis oppgåver vert prioriterte i organisasjonen. Oppnå mogleg større effektivitet

- Innføre nye kundevenlege system som gjev betre og meir digitale tenester
- Utnytte potensialet i nye og meir digitale arbeidsformer; til dømes meir digital møteverksemd
- Bruke kompetanseutvikling og organisasjonslæring bevisst
- Rullere planverk for å arbeide meir samla og i same retning; t.d. kommunal planstrategi og samfunnsplan
- Arbeide bevisst med klima og miljø gjennom å få på plass klimabudsjett
- Investere bevisst i Samnanger- samfunnet for å skape vekst og ein meir effektiv kommune
- Skape eit positivt engasjement rundt kommunen som gjev ringverknadar på alle område

Samnanger 31. mars 2022



Ove Sæbø

Rådmann

**FAKTA OM
DRIFTSREKNESKAPEN**

Netto driftsresultat:

Kr 12 996 715 (overskot)

Disposisjonsfond:

Kr 20 542 506.

Mål i økonomiplanperioden:

- saldo ca. 15 mnok
- sette av 1 mnok pr år

Netto resultat i % av brutto driftsinntekter:

4,8 %

(budsjettmål 0,23 %)

Driftsinntekter:

270,33 mnok

Driftsutgifter:

259,27 mnok

Lånegjeld:

255,16 mnok

Driftsrekneskapen 2021

Kommunen hadde i 2021 eit mindreforbruk på kr 12 996 715. Disposisjonsfondet var på kr 8 648 587 ved inngangen av året og pr. 31.12.2021 er det på kr 20 542 506. Det er ein auke på kr 11 816 374.

Det gode årsresultat skuldast i hovudsak høgare skatteinntekter og konsesjonskraftinntekter enn opphavelg budsjettet. Elles hadde dei fleste einangane positive resultat eller mindre budsjettavvik mot revidert budsjett ved årets slutt. Sjå meir informasjon under dei einskilde einingane.

Etter at rekneskapen var avslutta, var det nokre moment som skulle vore ført på 2021, som ikkje kom med, og som difor kjem til å verte belasta 2022. Ein sum av vesentleg storleik, kr 60 000, er eit ALIS- tilskot for 2021 som skal betalast tilbake til helsedirektoratet. Dette skulle vore set av som skuldig sum i 2021, og dersom dette hadde vorte gjort ville det redusert årsresultatet for 2021 med kr 60 000. Det same gjeld ein faktura frå Bufetat på kr 108 600, som og skulle vore sett av som skuldig sum i 2021. I tillegg vart det gjort kjent etter at rekneskapen var avslutta at kommuneoverlegen skal avspasera ein lengre periode. Denne kostnaden er ikkje talfesta, men vart ikkje sett av og vil såleis påverka resultatet for 2022.

Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at overskotet på 13,0 mnok skuldast:

Skatt, ramme og inntektsutjamning inkl. koronatilskot	+11,1 mnok
Konsesjonskraft	+8,8 mnok
Eigedomsskatt	+0,1 mnok
Premieavvik	+4,8 mnok
Renter og avdrag inkl. fordelte renter	-0,6 mnok
Avskrivning	-0,1 mnok
Einingane	-9,6 mnok
Sentraladm., inkl. politisk og kontrollutval/revisjon	-0,9 mnok
Vatn Avløp Sjølvkost	-0,6 mnok
Netto avsetjing til avsetting disp.fond ift. Opph.bud	13,0 mnok

Eit tal i + er høgare inntekter eller redusert utgifter.

Skatt og rammeinntekt	Skatt	Ramme	Korona	Sum
Opphavleg budsjett	-67 158	-91 369	-2 049	-160 567
Revidert budsjett	-68 958	-91 584	-6 417	-166 959
Rekneskap	-72 119	-94 307	-6 417	-172 843
Avvik mot opphavleg budsjett	4 960	2 938	4 368	12 266
Avvik mot revidert budsjett	3 161	2 723	0	5 884

Tal i heile tusen. Eit øvvik i + er auka inntekt

Kommunane i Noreg har samla hatt ein stor oppgang i skatteinntektene i 2021; 16 % opp samanlikna med 2020. Den monalege auken frå 2020 til 2021 kan igjen forklarast gjennom stor auke i både forskotstrekk, marginoppgjjer og restskatt.

Samnanger hadde i 2021 til tross for dette, ein vekst på 0,4 %. Samanlikna med landsgjennomsnittet er skatteinngangen, inkludert naturressursskatt, på 84 % (86,6 %) før inntektsutjamning og på 94,5 % (94,7 %) etter inntektsutjamninga (2020-tal i parentes.) Samnanger hadde med andre ord ein svakare utvikling i særskilt skatteinngangen enn landsgjennomsnittet siste år. Avviket i tabellen over syner at skatteinngangen på inntekt og formue er 5,0 mnok høgare enn opphavleg budsjett og 3,1 mnok høgare mot revidert budsjett. Auka inntektsutjamning har kompensert for lågare skatteinngong. Totalt fekk kommunen 9,3 mnok i inntektsutjamning; det var budsjettert med 6,7 mnok. I fjor enda skatteutjamningen på 6,3 mnok for Samnanger kommune sin del.

Nøkkeltal i økonomiplanperioden


Kommunestyret har vedtatt 3 nøkkeltal for økonomiplanperioden:

- Avsetning til disposisjonsfondet på minst 1 mnok kvart år i økonomiplanperioden.
- Korrigerte netto driftsresultat i % av driftsinntektene, mål er minimum 0,23 %. Resultat 2021 er 4,8 % (ikkje korrigert for fond).
- Disposisjonsfondet skal liggja på ca. 15 mnok ved utgangen av økonomiplanperioden. Disposisjonsfond pr. 31.12.2021 er 20,0 mnok.

Samnanger kommune har pr. 31.12.2021 med det ein rekneskap som er i tråd med dei vedtekne nøkkeltala.

Det står meir informasjon under avsnitta lånegjeld og fond.

- **Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntektene, mål minimum 0,23 %**



Årsmelding 2021 - Driftsrekneskapen

Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i % av driftsinntektene på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal statsforvaltaren er oppteken av.

Samnanger har i 2021 eit netto driftsresultat på 4,8 % av brutto driftsinntekter.

Kommunen har bunde fond som er med å finansiere utgifter, spesielt innafor sjølvkost. I tillegg vert det for eksempel sett av til bunde fond dersom det vert gitt tilskot i løpet av året, men der utgifta først kjem året etter. Dersom me korrigerer for avsett og bruk av bunde fond vil me få eit meir rett bilete av rekneskapen. Korrigert netto driftsresultat i % av korrigert brutto driftsinntekter vert då litt svakare, og vert då 4,7 %. Dette var -0,5 % i 2020 og 0,84 % for 2019. Det er i budsjettet til Samnanger kommune, i tråd med vedtekne nøkkeltal, vedtatt eit mål for 2021 på minimum 0,23 %.

Einingane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. ansvar summert pr. eining. Eit tal i pluss er eit mindreforbruk (overskot). Avvik er vist i kroner og prosent i forhold til revidert budsjett.

Driftsrekneskap nto / 1000 kr	Rekneskap 2021	Rev. bud 2021	Budsjettavvik 2021	Avvik i % 2021	Rekneskap 2020
Rådmannen sitt kontor	3 683	3 517	-166		1 536
Økonomikontoret	2 639	2 520	-119		2 350
Løn og personal (HR)	4 319	4 358	39		3 815
Rådgjevar	1 865	1 814	-51		2 057
Felles IKT	4 024	4 092	68		4 719
Sum rådmann	16 531	16 301	-229	-1,4 %	14 477
Politisk nivå og revisjon	3 265	3 054	-211	-6,9 %	2 879
Skule, barnehageadm. og VO	7 471	7 422	-49		5 954
Dråpeslottet barnehage	9 202	9 220	18		16 887
Vassloppa barnehage	9 605	9 693	88		0
Samnanger barneskule	21 108	21 613	505		21 475
Samnanger ungdomsskule	11 480	11 654	175		10 747
Sum Oppvekst	58 865	59 603	738	1,2 %	55 063
Administrasjon	8	34	26		453
Tenester for funksjonshemma	13 701	13 399	-302		11 159
Sjukeheim	22 304	22 819	515		24 245
Heimeteneste	17 360	18 128	768		15 875
Sum Pleie og omsorg	53 372	54 379	1 007	1,9 %	51 732
Helsestasjon	822	1 138	316		1 181
Jordmorteneste	144	142	-3		115
Legeteneste	10 504	10 617	113		8 107
Fysioterapi	1 087	1 106	19		994
Psykatri	0	0	0		1 417
Psykolog	1 084	1 124	40		705
Sum Helse	13 642	14 127	486	3,4 %	12 520
Samfunn og utvikling, adm	0	0	0		0
Teknisk forvaltning	3 867	3 772	-94		3 529
Eigedomsforvaltning	555	519	-36		257
Beredskap	4 857	4 901	44		4 756
Miljø og landbruk	1 051	9 1 088	37		760

Årsmelding 2021 - Driftsrekneskapen

VA sjølvkost	566	-13	-579		387
Eigedom	6 338	5 213	-1 125		5 169
Veg, kai og parkering	2 312	2 470	157		2 377
Reinhold	5 965	5 970	5		5 097
Sum Eining Samfunnsutv.	25 512	23 920	-1 592	-6,7 %	22 332
Eining for innbyggjarservice	277	240	-38		18
Servicesenteret	2 955	2 960	5		2 352
Kulturkontor	4 671	4 629	-43		4 881
Bibliotek	792	801	9		733
Kulturskule	1 560	1 493	-67		1 257
Sum Innbyggjarservice	10 255	10 122	-133	-1,3 %	9 241
PPT-kontor	1 831	1 958	127		1 576
Barnevern	5 978	5 734	-244		5 117
Sosialkontor	2 863	3 720	857		2 973
Flyktningekontor	544	655	111		835
Sum Livsmeistring	11 216	12 067	851	7,1 %	10 501
Sum einingar	192 658	193 574	916	0,5 %	178 746

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Totalt har einingane, rådmannskontoret, politikk og revisjon eit mindreforbruk på 0,2 mnok i forhold til revidert budsjett. Dersom to moment som er nemnt over, og som skulle vore sett av som skuldig i 2021, så ville resultatet for alle einingar samla sett vore nærme 0. Då er næringsverksemd, inkludert konsesjonskraft haldt utanfor. Det prosentvise avviket i tabellen over er samla sett på 0,5 %. I høve til opphavleg budsjett har einingane brukt om lag 9,6 mnok mindre enn budsjettert. Nettoinntekt frå næringsverksemd/ konsesjonskraft var 1,25 mnok høgare enn revidert budsjett, og 8,75 mnok høgare enn opphavleg budsjett. Dette skuldast den store auken i kraftprisane.

Korona-året 2021

Korona-pandemien har prega 2021. Pandemien har gitt auka utgifter for dei fleste einingane, men like viktig har det ført til at arbeid, prosjekt og arrangement ikkje har blitt gjennomført som planlagt. Dette har då òg ført til sparte utgifter på nokre områder. Mange tilsette har òg opplevd stor arbeidsbelastning siste året. Staten har gitt kommunen auka tilskot til drift og til inntektssvikt i barnehage, SFO og skatt på 6,42 mnok. Totalt sett har kommunen hatt låge netto meirutgifter med pandemien, og pandemien har ikkje gjeve ein vesentleg forverringa av kommunen sitt årsresultat. Meirarbeid for leiarar er ikkje registrert som ein kostnad.

Korona-relaterte utgifter og inntekter vert ført på eige prosjektnummer. Totalt har einingane registrert 6,5 mnok i ekstra utgifter. I 2020 vart det rekneskapsført 4,3 mnok av tilsvarende utgifter.

Staten justerte på både momssatsen og arbeidsgjevarperioden for sjukefråvær, men dette har ikkje hatt noko betydeleg netto økonomisk verknad for kommunen.

I 2020 gjorde korona- pandemien at lønsoppgjeret vart langt lågare enn forventa. I 2021 fekk ein høgare lønsauke enn i 2020, og dette ga høgare pensjonskostnad som igjen påverkar premieavviket. Dersom premieinnbetalinga er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad vert det eit positivt premieavvik (inntekt) som påverkar årsresultatet.

Fylkeskommunen ga i 2020 kr 964 468,00 i tilskot til næringsfond. I 2020 vart det nytta kr 33 600 for å auke aktiviteten, og i 2021 er det gjort vedtak og gjeve tilskot som gjer at det står att kr 308 768 av midlane.

I 4. tildelingsrunde for Korona- midlar vart det tildelt kr 1 172 000 til Samnanger kommune. Kommunen fekk desse midlane som eit tilskot knytt til verksemd som har hatt reduserte inntekter som følgje av bortfall av turisme frå land utanfor EØS området. I Samnanger er dette ikkje ein aktuell problemstilling i næringslivet, og midlane skal difor betalast tilbake.

Oversikt utgifter og inntekter for einingane

Totalt sett har einingane eit mindre meirforbruk mot revidert budsjett og ei lita innsparing samanlikna med opphavleg budsjett. Oversikta under viser sum løn og refusjon, andre utgifter og inntekter for einingane samla. Tala er i heile tusen, konsesjonskraft er ikkje med. Eit tal i + er eit meirforbruk.

	Rekneskap 2021	Rev.bud 2021	Opph.bud 2021	Avvik mot rev.bud	Avvik mot opph.bud
Løn og refusjon	163 665	163 623	153 477	-43	-10 189
Andre utgifter	76 494	74 531	65 167	-1 962	-11 327
Inntekter	-47 502	-44 580	-38 588	2 921	8 913
Sum	192 658	193 574	180 055	916	-12 602

Dersom ein samanliknar revidert budsjett med rekneskap er det om lag balanse på lønsområdet medan det er eit negativt avvik på – 1,96 mnok på andre utgifter og eit positivt avvik på 2,92 mnok på inntekter.

Dersom ein ser nærare på inntekter og kva avvik som ligg innunder desse så er det på kontoartsnivå i hovudsak mindre avvik. Under er gjennom kva dei mest vesentlege avvika er.

Under er ein tabell som syner dei mest vesentlege avvik innunder inntekter på artskontonivå.

Inntekter	Rekneskap 2021	Rev.budsjett 2021	Avvik mot rev.budsjett
Refusjon frå staten	-5 838	-4 512	1 326
Kommunale avgifter	-9 094	-8 214	880
Øyremerka tilskot	-7 129	-6 420	709
Tilknytingsavgift	0	-654	-653

Det som kan nemnast er det for statlege inntekter er eit positivt avvik på 1,3 mnok. Dette avviket skuldast at ein del refusjonar frå staten på fleire område, mellom anna pleie og omsorg og nav, har samla sett vorte høgare enn de ein antok på byrjinga av året. Innanfor kommunale avgifter er det kome inn 0,9 mnok meir enn budsjettet, og det skuldast særskilt høgare inntekter for vass og avløp enn budsjettet. Når det gjeld øyremerka tilskot kom det eit tilskot på 403 500 som var retta mot bedrifter som har hatt økonomiske verknadar av pandemien og smitteverntiltak. For tilknytingsavgift; inntekter av nye kundar på det kommunale vass- og avløpsnett, så fekk ein ikkje inn noko av dei kr 654 000 som ein hadde lagt til grunn i budsjettet.

Under er ein tabell som syner dei mest vesentlege avvik innunder andre utgifter på artskontonivå.

Andre utgifter	Rekneskap 2021	Rev.budsjett 2021	Avvik mot rev.budsjett
Avsett til bundne fond	2 130	836	-1 294
Kjøp frå andre kommunar	14 733	13 486	-1 247
Kjøp av tenester frå private	8 088	7 323	-765

Når det gjeld andre utgifter så er eit vesentleg avvik på artskontonivå avsetjing til bundne fond som er høgare enn det som ligg i budsjettet; det er avset 1,3 mnok meir til mange ulike fond enn det so er budsjettet. I tillegg er det rekneskapsført 1,3 mnok meir i kjøp frå kommunar enn det som var budsjettet. Ein del av dei største postane her, dreier seg om barnevern. Innanfor kjøp av tenester frå private er det eit negativt avvik på 0,76 mnok, og dette gjeld i hovudsak ulike mindre innkjøp innanfor kommunen sine tekniske tenester.

For meir inngående forklaring på avvik vert det vist til einingane sine årsmeldingar.

Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre

Tabellen under viser (kostra-tabell 12362) korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2021 med kostragruppe 4 (KG 4). I denne gruppa ligg kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, høye bundne kostnader og lave korrigerede inntekter. I tillegg har ein og hatt nytte av å samanlikne med kommunar kostragruppe 1; som er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, lave bundne kostnader og lave korrigerede inntekter.

«Pleie og omsorg» omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

	Samnanger						KG 4 2021	KG 1 2021
	2016	2017	2018	2019	2020	2021		
Adm. og styring	8,3	8,4	8,7	8,8	9,1	9,1	7,7	7,1
Barnehage	11,1	11	11,2	11,3	11,2	12,0	9,1	10,9
Skule	20,6	20	19,9	19,4	19,1	18,3	17,5	19,8
Pleie og omsorg	34,1	33,9	33,8	32,9	34,4	34,7	39,2	36,0
Sosial	2,5	3,7	3,6	3	2,3	2,2	2,6	3,1
Barnevern	4,7*	2,8	2,7	2,8	2,4	2,6	2,4	3,0
Kultur	2,4	2,3	2,7	3	2,8	2,9	2,9	2,9
Kyrkja	1,4	1,4	1,5	1,5	1,5	1,3	0,9	0,8
Næring	0,9	1,4	0,7	2	1,8	3,4	3,0	1,8
Samferdsle (veg)	1,6	1,9	2,1	1,7	1,7	1,5	1,8	1,7
Brann	1,8	1,8	2	2,1	2,1	2	1,6	1,5

Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/mangel på effektivitet.

I 2020 er Samnanger flytta frå kostragruppe 3 (KG 3) til kostragruppe 4 (KG 4). Begge gruppene er små kommunar (frå 2 000 til 9 999 innbyggjarar). KG 4 har høge bundne kostnader og låge korrigerede inntekter. KG 3 har låge bundne kostnader og høge korrigerede inntekter.

Me har ofte òg samanlikna kommunen med kostragruppe 1. Dette er fordi denne gruppa er små kommunar som har låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. Låge inntekter betyr at dei må prioritera godt mellom dei ulike tenesteområda og kan derfor vera ei betre samanlikningsgruppe enn kommunar som har høge inntekter. No er Samnanger flytta frå gruppa med høge inntekter til gruppa med låge inntekter. I tillegg har kommunen høge bundne kostnader. Dette gjer at prioritering og bruk av tilgjengelege midlar må vurderast nøye. Det vil ikkje vera mogeleg å gjera alt kommunen ynskjer på alle område og det er viktig at midlane vert brukt så effektivt som mogeleg for å oppretthalda kvalitet.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksemda i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda. Det som er verdt å merka seg er at Samnanger kommune bruker ein større del av driftsutgiftene på barnehage enn både i KG 4 og KG 1. Samanlikna med KG 4 har kommunen prioritert politisk styring og administrasjon, barnehage, skule, kyrkja og brann opp, medan for eksempel helse og omsorg er prioritert ned. Når det gjeld sosial har eininga vore med på eit prosjekt (år 2) som har gitt positive resultat. Utviklinga der mindre del av brutto utgifter går til sosial er både forventa og positivt.

Helse og omsorg har lågare del av brutto driftsutgifter enn i KG 4. Dette kan sjølvstøtt bety at området er lågare prioritert enn for eksempel skule og barnehage, men når me veit at både sjukeheim og bufellesskap er nye bygg er det òg mykje som tyder på at dette har gitt meir effektiv drift.

Det er òg i 2021 brukt ekstra midlar på gransking av barnevern knytt til politisk nivå.

Dersom me ser på korrigererte brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner (driftsutgifter ved eigenproduksjon inklusiv avskrivning) kan det Samnanger brukar samanliknast med det som er gjennomsnittet i KG 4 og KG 1 og kan gje ein indikasjon på potensiell innsparing.


	Samnanger	KG 4	KG 1	Avvik mot KG 4	Avvik mot KG 1
Barnehage	10 639	7 577	6 344	3 062	4 295
Skule	18 400	17 916	17 748	484	652
Helse og omsorg	31 232	38 559	30 234	-7 327	998

Tal innbyggjarar pr 31.12.2020 er 2 501. Dette er ein nedgang på 3 personar.

Frie inntekter

Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med.

Grafen viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr. innbyggjar dei siste 6 åra samanlikna med KG 1 og KG 3 t.o.m. 2019 og KG 4 i 2020 og 2021. Samnanger er frå 2020 plassert i KG 4, som i snitt i 2021 har kr 70 136 i inntekt pr. innbyggjar. Samnanger har i 2021 kr 70 956 pr. innbyggjar. Samanlikna med KG 1 har Samnanger kr 820 meir pr. innbyggjar i 2021.




Havbruksfondet

Kommunen har fått utbetaling frå Havbruksfondet frå og med 2017. Utbetalingane har variert mykje. Det skuldast at det er sal og auksjon annakvart år. Det er no tatt grep for å gjera inntekta litt meir forutsigbar for kommunane. Det vil framleis vera annakvart år med høgare inntekt, men med noko mindre variasjon enn det har vore fram til no. I 2021 fekk kommunen utbetalt 0,6 mnok. Det var budsjettert med 0,79 mnok med avsetjing til disposisjonsfond opphavelg.

kr	2017	2018	2019	2020	2021
Havbruksfond	43 372	2 249 985	173 337	1 777 209	566 611

Premieavvik og pensjonsfond

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.



Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (mellom anna lønsvekst og pensjonsregulering).

Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2021 vart det brukt 10,3 mnok av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK (Statens pensjonskasse). For KLP (Kommunal Landspensjonskasse) og SPK vart premieavviket positivt med 2,9 mnok inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2021 ei «inntekt» på 10,2 mnok (2,8 mnok i 2020). Dette er likt som revidert budsjett, og 5,8 mnok lågare enn i opphavleg budsjett. Pensjonskostnaden i 2021 vart ein del høgare enn prognosane som låg til grunn for budsjettet i 2021. Dette kjem særskilt av at lønsoppgjeret vart ein del høgare enn det som låg til grunn i pensjonskostnaden.


Det er gjort endring i reglane for avsetting av offentleg tenestepensjon som gjorde at det vart frigjort midlar av oppspart tenestepensjon i 2021; om lag 13 mnok. Midlane vert brukt til å betala framtidig pensjonspremie frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse). Dette har ikkje påverka rekneskapen i 2021, men vil få resultat-effekt med 1/7-del frå og med 2022. Det er fordi bruk av fond påverkar premieavviket.

Finansplassering

Kommunen har pr 31.12.2021 kr 278 576,42 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 1 901,33 i 2021 som er ein auke på 0,69 %.

Innskotsrenta i både SPV (Sparebanken Vest) og DNB ASA har vore låg og på 0 % på driftskonti på slutten av året. På særvilkårskontoen er renta 0,25 %. Kommunen har no endra rentevilkåra for konto med særvilkår i SPV (Sparebanken Vest) til nibor- basert 3 md. Dette gir pr. mars auka avsetning med 0,2 %.


Lånegjeld og renter



Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Kommunestyret har vedtatt at lånegjelda i økonomiplanperioden ikkje skal overstiga 240 mnok. Grafen viser utviklinga der lånegjelda har auka frå 152 mnok i 2013 til 255 mnok i 2021. Byggjelånet på 10,48 mnok vart betalt tilbake i 2021. Av lånegjelda på 255 mnok er 9,5 mnok startlån pr 31.12.2021 (5,1 mnok i 2020). Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2021 var på 12,4 mnok. Av dette er 5,8 mnok unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pr 31.12. ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og eventuelt avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er knytt til forseinking i prosjekt. Det er i 2021 tatt opp lån på til saman 15 mnok inkludert nytt startlån på 5 mnok.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 4 (KG 4), der Samnanger frå og med 2020 er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 4 er 39 små kommunar med høge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. KG 1 (39 kommunar) er små kommunar med låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld per innbyggjar har auka frå kr 54 945,00 i 2013 til kr 97 518,00 i 2021. I 2020 var netto lånegjeld pr. innbyggjar på kr 101 376. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mnok forklarar reduksjonen frå 2015 til 2016.



Samnanger skifta frå gruppe KG 3 til KG 4 i 2020 og samanlikninga er då endra mot gruppe KG 4 i 2020 og 2021.


I ei slik oversikt, der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil for eksempel lånegjeld pr innbyggjar auka dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar var ved utgangen av 2021 på 2 501. Dette er reduksjon på 3 personar frå 2020 til 2021. Netto lånegjeld har vorte redusert frå 2020 til 2021 med 5,3 mnok.

Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av til tap på startlån som står på fond. Startlåna vert frå og med 2016 administrerte av Intrum as (tidl. Lindorff as).

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera for eksempel drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.

For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 1,40 % for 2021 (1,39 %), lånerenta var ved utgangen av 2021 mellom 0,9 % og 2,42 %. 62 % av lånegjelda har fast rente pr 31.12.21. Det vert òg driftskostnad dersom sjølvkostområda ikkje er sjølvfinansierande.

Grafen under viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og rente/avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg og gjer at kommunen sine renteutgifter ikkje har auka med meir enn 0,7 mnok frå 2014 til tross for at lånegjelda har auka med 90,2 mnok i same periode.



Avdragsutgiftene har auka frå 4,9 mnok i 2014 til 9,2 mnok i 2021.

Kommunen har betalt 0,58 mnok over kravet om minimumsavdrag. Kommunen betaler meir i avdrag enn det statsforvaltaren anbefaler om ¹⁷ at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum

3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2021 ligg Samnanger på 3,73 % (3,28 % i 2020), det vil seia 0,58 mnok over kravet.

Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det tidlegare år vart vedteke å betala mindre i avdrag både i åra 2014 – 2016 og 2018 – 2021. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.

62 % av låna er tatt opp med bunden rente. Lånegjeld knytt til sjølvkostområda og til startlån kan trekkast frå når me skal berekna storleiken på lånegjeld som er utsett for rentesvingingar. Korrigert for denne lånegjelda er det 98,1 mnok som er renteeksponert. Ei renteauke på 1 % vil gje auka rentekostnad på 0,98 mnok pr år.


Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Dette vil gje større forutsigbarheit, men den bundne renta vil over tid liggja over den løypande renta og vil medføre ein meirkostnad. Den andre måten er å ha ein buffer i form av eit disposisjonsfond som vert brukt til å betala renteauke med. Dersom disposisjonsfondet er stort og det er lite usikkerheit knytt til andre rekneskapspostar, er det mindre grunn til å binda større del av lånegjeld. Over tid er det svært sjeldan at det svarar seg å binda renta, men risikoen for og evne til å handtera ein eventuell renteauke vil ha stor betydning for kva kommunen bør velja. Finansreglementet seier at mellom 20 og 70 % av lånegjelda skal ha bunden rente.

Sjå note 12 i rekneskapen for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2021 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til soknerådet. Totalt har kommunen motteke kr 205 919.

Inntekt frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft



For 2020 inngjekk Samnanger kommune ei prissikringsavtale med garantert minstepris med Kinect Energy Spot as om sal av konsesjonskraft. Prisane i 2020 var særst dårlege og utan prissikringsavtala ville kommunen hatt svært låg inntekt i 2020. I 2021 har kommunen hatt særst god nettoinntekt frå konsesjonskraft. Tilsaman enda inntekta på kr 11 750 152, medan opphavelig budsjett berre var på 3 mnok. Denne auken bidrog sterkt til betra økonomiske resultatet til kommunen i 2021.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinntang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane. I 2021 fekk kommunen 4,6 mnok i naturressursskatt.

Konsesjonsavgift

I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på annan måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2021 fekk Samnanger kommune kr 1 107 123,00 og er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av statsforvaltaren. Vedtektene må òg vera i samsvar med reglane om offentleg støtte jf. EØS-avtala. Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg:
(tal i heile tusen):

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Konsesjonskraft	1 524	2 375	3 228	5 512	5 575	5 418	11 750
Konsesjonsavgift	979	979	979	979	1 107	1 107	1 107
Naturressursskatt*	4 275	4 382	4 426	5 429	5 490	4 396	4 396
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg**	7 133	5 726	4 028	3 216	3 264	4 223	5 537
Sum inntekter	13 911	13 463	12 661	15 136	15 436	15 145	22 790

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane ** til og med 2018.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det skriva ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2021. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg med meir er på 2,8 promille. Botnfrådrag pr bustadeining er på kr 30 000.

Kommunen fekk i 2021 inn 14,9 mnok (14,9 mnok) i eigedomsskatt, av dette kjem 10,0 mnok (9,6 mnok) frå næring og 5,4 mnok (5,3 mnok) frå eigedomsskatt på hus og hytter (2020- tal i parentes).

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, det vil seia at inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.


Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar med meir vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldsarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg lågt i fleire år framover.



I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følge av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette snudde i 2018 og prisen var òg høg i 2019. Prisen i 2020 var unormalt låg. I 2021 var prisane særst gode, og dette ga kommunen ei inntekt på dette området som var langt over det ein hadde lagt til grunn i opphaveleg til grunn. Prisane påverkar verdien av anlegget fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekket feil i fordelingsnøkane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Dette er no korrigert, og Samnanger sitt inntektsgrunnlag på dette området er redusert.

Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sin kraftproduksjon i Samnanger halvert frå 2014. Grunnlaget var då på 1 215 mnok, og no i 2021 er grunnlaget på 787,8 mnok. Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 427,2 mnok frå 2014.

Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi. For 2021 var summen kr 21 515.



Grafen viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016, men som frå 2019 inngår i verdien på kraftanlegga.

LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkomunar) arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar òg med å få redusert kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kraftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir.

Samnanger hadde i 2021 ein skatteinngang som vart langt lågare enn landsgjennomsnittet; 84 % (86,6 %) og 94,5 % (94,7 %) etter inntektsutjamning (2020-tal i parentes). Inntekter frå eigedomsskatt er difor heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester. Det har tidlegare kome politiske signal frå sentralt hald om å endra den lokale skatteretten. Mellom anna skal det ikkje lenger betalast eigedomsskatt på for eksempel sendaranlegg, breiband og produksjonsrelatert utstyr og liknande (eigedomsskatt frå særskilt grunnlag). Denne skatten skal trappast ned frå og med 2019 i ein periode på 7 år, og inntektstapet for kommunen er 0,1 mnok årleg.


Fond

Disposisjonsfond

Nøkkeltal i økonomiplanperioden:

- **Avsetning skal vere på minst 1 mnok kvart år i økonomiplanperioden.**
- **Disposisjonsfondet skal liggja på ca. 15 mnok ved utgangen av økonomiplanperioden**

Kommunestyret har vedtatt som mål for økonomiplanperioden at disposisjonsfondet skal liggja på om lag 15 mnok. Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter og/ eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2021 er kr 20 542 506,12. Av dette er det kr 100 000,00 disponert til arbeid med arealplan og kr 400 295,00 er bærekraftsutviklingsfond. For meir detaljert informasjon, sjå note nr 7 i rekneskapen.



Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 7,4 %. I KG 4 (kostragruppe 4) er det i 2021 på 11,5 % og i KG 1 (kostragruppe 1) er det i 2021 på 11,2 %. Disposisjonsfondet i Samnanger må aukast til 31,1 mnok for å vere på same nivået som i KG 4.

Når kommunen har overskot så vert dette avsett til disposisjonsfondet. Nokre år har forklaringa på delar av overskotet vore eit positivt premieavvik. Det vert eit positivt

premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Dette er eit rekneskapsmessig begrep og det knyter seg ingen innbetaling eller utbetaling til premieavviket. Potensielt kan dette på sikt skapa eit likviditetsmessig problem når delar av disposisjonsfondet er netto premieavvik.

Næringsfond

Av næringsfondet kan det ystast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. Tilskot som ikkje vert nytta i løpet av 2 år eller av andre grunnar står unytta går tilbake til fondet.

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. Eksempel på bruk er arbeid/kartlegging av Fossen bratte, arbeid med samfunnsplan og reguleringsplan. Marknadsføring og kontingent/medlemsavgift i næringsretta organisasjonar vert òg ført her. 40 % stilling som vert brukt mot næringslivet vert finansiert med fondet.

Kommunen får utbetalt konsesjonsavgift kvart år, som vert sett av til næringsfondet. I 2021 vart det utbetalt kr 1 107 123. Netto inntekt frå sal av tomtar på Lønnebakken på kr 808 264 vart inntektsført fondet. Lån frå fondet er no tilbakebetalt.

Under er oversikt over utbetalningar frå fondet i 2021;

Bruk av næringsfondet	2021	Vedtak
Rentekostnadar lån Rolvsvåg	50 000	KS 104/2020
Fossen Bratte	200 000	KS 104/2020
Næring	912 551	KS 104/2020
Straumskap torg Bjørkheim	26 000	KS 45/2021
Rehab pipe Safa	150 000	KS 71/2021
Bygdebutikk/ frivillighetssentral	176 232	KS 10/2021
Planarbeid	300 000	KS 104/2020
Sum bruk/utbetalt	1 814 783	

Samla vart det utbetalt kr 1 814 783 frå fondet. Kr 328 676 vart ikkje nytta av utbetalinga på kr 912 551. Saman med inntekt frå konsesjonskraft og sal av tomter gjev det ein netto auke på næringsfondet frå 2020 til 2021 på kr 429 280. Saldo for næringsfondet var pr. 31.12.2021 på kr 1 841 232.

Fond Sima-Samnanger

I samband med vedtak om å byggje kraftleidning mellom Sima og Samnanger vart det av Olje- og energidepartementet løyvt 100 mnok til avbøtande tiltak. Samnanger kommune sin del er kr 8 213 509. Det er gjennom fylkesmannen avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som kommunestyret sine øyremerka midlar og kan nyttast både i drift og investering. Desse midlane er i samsvar med kommunestyrevedtak 58/11 sett av til fond. Disponering av midlane vart gjort i sak 15/12.

Oversikt under viser bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Lån av fondet var på kr 2 656 000 (merka med grått) og det vart i 2017 ført tilbake kr 1 500 000 og resten i 2018. Det er kr 1 150 795 som ikkje er brukt pr 31.12.21. Summen er disponert gjennom vedtak. Den største summen er knytt til veg til idrettsanlegget, og ein større sum til førebyggjande ungdomsarbeid.

Årsmelding 2021 - Driftsrekneskapen

Tekst	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	Sum 2012- 2018	2 019	2 020	2 021	Sum	Unyttta
Mottatt fond							8 213 509	
Bruk:								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-2 000 000				-2 000 000	0
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-341 437	-158 563				-158 563	0
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000	-225 000				-225 000	0
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000	-110 000				-110 000	0
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		474 544	-474 544				-474 544	0
KS 15/12 Førebyggande ungdomsarbeid	1 500 000	-597 158	-444 855	-66 318	-20 940	-31 691	-563 804	339 038
KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000		0	0				0	0
KS 80/16 Tilskot til Totræna		145 000	-145 000				-145 000	0
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000	352 158	-1 752 158				-1 752 158	0
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000	-376 868			-222 375	-599 243	811 757
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000	-589 000				-589 000	0
KS 100/16 bibliotek		100 000	-100 000				-100 000	0
KS 61/18 badevik Bjørkheim		345 402	0		-193 088	-152 314	-345 402	0
KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*			-1 300 000				-1 300 000	
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)			-280 000				-280 000	
KS 63/13 KLP EK-tilskot			-1 076 000				-1 076 000	
KS 100/16 tilbakeført til fond 2017							1 500 000	
KS 58/17 tilbakeført til fond 2018							1 156 000	
Udisponert	13 509	-13 509					0	0
Sum vedtak/ bruk	8 213 509	0		-66 318	-214 028	-406 381	-7 062 714	1 150 795
Resterande sum		0					1 150 795	

Investeringsfond

Kommunen har to ubundne investeringsfond på til saman 4,11 mnok og fem bundne investeringsfond på til saman 3,53 mnok. Sum investeringsfond pr. 31.12.2020 er kr 7,6 mnok. For meir informasjon om bruk av investeringsfond, sjå note 7.

Ubundne investeringsfond	Konto	IB 2021	Bruk (9404)	Avsett (5404)	UB 2021
Ubundne investeringsfond	253.080.001	779 240	-779 240	0	0
Nytt ubundne investeringsfond	253.080.003	4 617 985	-1 230 401	718 143	4 105 727
Sum ubundne inv.fond		23 5 397 225	-2 009 641	718 143	4 105 727

Årsmelding 2021 - Driftsrekneskapen

Bunde investeringsfond	Konto	IB 2021	Bruk (950)	Avsett (550)	UB 2021
Fond Samnangerheimen (arv)	255.080.003	2 009 642	-596 876	0	1 412 766
Fond idrettshall, Fylkeskommunen	255.080.500	1 847 500	-182 861	0	1 664 639
Fond investering, korona	255.080.510	730 000	-730 000	0	0
Fond nyanlegg vassverk	255.080.620	151 129		0	151 129
Fond vatn/avløp Hagamulen	255.080.621	300 000			300 000
Sum bunde investeringsfond		5 038 271	-1 509 737	0	3 528 534

Investeringar

I 2021 var det 24 små og større investeringsprosjekt. 12 prosjekt var med i opphavleg budsjett, men nokre av desse vart ikkje starta opp. Det var mellom anna sett av investeringsmidlar til prosjekt *garasjebygg teknisk drift* som ikkje vart gjennomført. Planlagt ombygging av skule er tatt ut.

Det er fleire investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt i 2021 og som vil fortsetja i 2022; mellom anna *Samnangerheimen, sansehage og kommunehuset – ombygging barnevern*.

Totalt er det brukt 13,2 mnok i 2021. Det vart gjort investeringar for mykje mindre enn det som vart opphavelg planlagt. Hovudårsaka til dette er pandemien, og dei problema som dette har skapt for levering av innsatsfaktorar i 2021. Revidert budsjett er justert ned i samsvar med den informasjonen som var tilgjengeleg pr. november 2021. Opphavelg budsjett var samla på 26,65 mnok (23,5 mnok eks. mva kompensasjon).

Tal i 1000	Prosjekt som går over fleire år		2021	Rekneskapsutgifter				Avvik	
	Opphavleg	Justert		tom 2019	2020	2021	sum	mot kostnadsramme	mot budsjett 2021
Skule, inventar, PC og digitale tavler			1 364	0	637	1 297	1 934		-67
IKTN - felles investering			118			118	118		0
Samnangerheimen, sansehage			415			202	202		-213
Samnangerheimen, nye gulv			109			544	544		435
Samnangerheimen, kjøll og varme			294	0	427	370	797		76
Kommunehus, heis og rampe			787			443	443		-343
Ombygging til barnevern			704			20	20		-684
Helsetunet, varmpumpe			180			301	301		121
Ung.skule, nytt ventilasjonsanlegg	941	873	487	0	338	512	849	24	24
Ung.skule, nytt tak			300				0		-300
Reistad, nytt tak	455	527	428	0	125	415	540	-13	-13
Brannstasjon, planlegging			60				0		-60
Fleirbrukshall, planlegging			346			229	229		-117
LED-lys, vegar			258	0	242	259	501		1
Hagabotnane, gangveg			500	0	64	0	64		-500
Hagabotnane, planlegging veg			303			268	268		-35
Kommunale vegar, utbetring			1 627	0	630	575	1 205		-1 052
Parkering og ladestasjonar Samnangerheimen			542			542	542		0
VA Ytre Tysse	6 000	6 000	4 000	972	503	4 450	5 985	-75	450
VA Eikedal			150	0	401	150	550		0
Vassforsyning Nordbygda	1 390	4 036	140	396	3 589	171	4 157	121	31
Ventilhus Nordbygda			665	0		1 051	1 051		386
VA infrastruktur			3 045	0	2 394	540	2 934		-2 505
Reservevassløyising	3 000	3 000	50				0		-50
Badevik Bjørkheim	2 500	2 511	405	0	2 106	469	2 576	65	65
Dagsturhytta	1 051	1 105	282	0	823	271	1 094	-11	-11
Sum			17 560			13 197			-4 363

I tillegg til investeringstiltaka som er med i oversikta her, er det i investeringsrekneskapen òg ført postar knytt til for eksempel tilskot til soknerådet, KLP (Kommunal Landspensjonskasse) eigenkapitalfond, utgifter startlån, justeringsrett bibliotek, kjøp av aksjar, forskottering og tippemidlar. Sjå rekneskapsnote 11 og 12.

Dei aller fleste tiltaka ligg under samfunn og utvikling sitt ansvarsområde og det vert vist til eininga si årsmelding. Det vert laga byggjerekneskap på alle større investeringsprosjekt. Dei største investeringane i 2021 vart gjort innanfor VA- området, og under er det ei kort omtale av dette. Investeringstiltak i digitale hjelpemiddel ved skulane har og vore ein viktig satsing, og er og omtala.

VA

VA Tysse er eit prosjekt som har stått for tur lenge. Arbeidet vart prosjektert i 2019-2020, og er delt opp i fleire delprosjekt for å halda tilkomsten gjennom staden mest mogeleg open. Sjøleidningen er gamal og eit alternativ må på plass. Det må og leggest ny vassleidning langs Tyssevegen. Kostnaden for *prosjekt VA Ytre Tysse* er estimert til 6 mnok, og dette inkluderer løn til prosjektleiing. BKK skal lage plan for kablar som skal i felles grøft saman med VA. Dette er ikkje gjort, og dette er noko av forklaringa på at prosjektet er litt forseinka. Som oversikta syner vart det brukt 4,45 mnok på prosjektet i 2021. Stor arbeidsmengde gjer og at arbeidet med å bygge reservevassforsyning til Myra vassverk har vorte skyvd ut i tid, og skal etter planen gjennomførast i 2022. Dette prosjektet vart aktualisert etter eit pålegg frå mattilsynet. Estimert kostnad er på 3 mnok, men det er ikkje gjennomført enno. Elles har det i gjeldande økonomiplanperiode vore sett av 4 mnok kvart år i økonomiplanperioden til å renovere eldre VA-anlegg og til å bygge ut nye leidningsnett og pumpestasjonar. Det vart samla brukt 1,9 mnok på dette investeringsområdet i 2021.

Skule, inventar, PC og digitale tavler

Det vart kjøpt inn noko utstyr og inventar til skulane i 2020. På slutten av 2020 fekk kommunen eit tilskot på 0,9 mnok frå Statsforvaltaren til arbeid med tilrettelegging for digital undervisning i samband med koronapandemien. Mesteparten av tilskotet vart sett av på fond og vart brukt i 2021 til å heva det digitale nivået ved skulane. Samla vart det brukt 1,3 mnok til dette investeringsføremålet i 2021.

Rekneskapsskjema

2021



Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2021

25.03.2022

		Regnskap 2021	Regnskap 2020
EIENDELER			
A. Anleggsmidler		707.880.545,75	712.843.976,05
I. Varige driftsmidler	9	422.579.897,48	425.465.678,87
1. Faste eiendommer og anlegg	9	406.587.337,25	409.173.799,44
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	9	15.992.560,23	16.291.879,43
II. Finansielle anleggsmidler		14.261.972,27	11.728.330,18
1. Aksjer og andeler	6b	8.851.910,00	7.657.321,00
2. Obligasjoner		0,00	0,00
3. Utlån		5.410.062,27	4.071.009,18
III. Immaterielle eiendeler		0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	4	271.038.676,00	275.649.967,00
B. Omløpsmidler		96.117.290,44	77.732.173,95
I. Bankinnskudd og kontanter	6	61.957.660,59	48.211.132,13
II. Finansielle omløpsmidler		278.576,42	276.675,09
1. Aksjer og andeler	6b	278.576,42	276.675,09
2. Obligasjoner		0,00	0,00
3. Sertifikater		0,00	0,00
4. Derivater		0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer		33.881.053,43	29.244.366,73
1. Kundefordringer		17.292.511,75	13.092.911,39
2. Andre kortsiktige fordringer		2.511.216,68	1.504.578,34
3. Premieavvik	4	14.077.325,00	14.646.877,00
Sum eiendeler		803.997.836,19	790.576.150,00
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. Egenkapital		225.581.291,18	207.858.381,06
I. Egenkapital drift		30.202.791,98	18.472.367,94
1. Disposisjonsfond	7	20.542.506,12	8.648.587,30
2. Bundne driftsfond	7	9.660.285,86	9.823.780,64
3. Merforbruk i driftsregnskapet		0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	2	0,00	0,00
II. Egenkapital investering		7.634.260,86	10.435.496,12
1. Ubundet investeringsfond	7	4.105.727,06	5.397.224,94
2. Bundne investeringsfond	7	3.528.533,80	5.038.271,18
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		0,00	0,00
III. Annen egenkapital		187.744.238,34	178.950.517,00
1. Kapitalkonto	8	189.535.140,37	180.741.419,03
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		-1.790.902,03	-1.790.902,03
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		0,00	0,00
D. Langsiktig gjeld		530.786.925,11	540.424.640,00
I. Lån		255.162.975,11	260.438.188,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	12	255.162.975,11	260.438.188,00
2. Obligasjonslån		0,00	0,00
3. Sertifikatlån		0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	4	275.623.950,00	279.986.452,00
E. Kortsiktig gjeld		47.629.619,90	42.293.128,94
I. Kortsiktig gjeld		47.629.619,90	42.293.128,94
1. Leverandørgjeld		13.799.881,69	7.000.857,75
2. Likviditetslån		0,00	0,00
3. Derivater		0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld		33.561.091,21	34.545.308,19
5. Premieavvik	4	268.647,00	746.963,00



Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2021

25.03.2022

	Regnskap 2021	Regnskap 2020
Sum egenkapital og gjeld	803.997.836,19	790.576.150,00
F. Memoriakonti	0,00	0,00
I. Ubrukte lånemidler	5.860.591,00	2.520.591,00
II. Andre memoriakonti	8.864.432,80	8.277.184,07
III. Motkonto for memoriakontiene	-14.725.023,80	-10.797.775,07



1 Samnanger kommune - 2021

29.03.2022

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)			
1 Rammetilskudd	100.724.391,00	98.001.648,00	93.418.324,00
2 Inntekts- og formueskatt	72.118.826,06	68.958.000,00	67.158.000,00
3 Eiendomsskatt	15.332.564,79	15.208.815,00	15.213.767,00
4 Andre generelle driftsinntekter	6.864.521,25	7.814.787,00	8.042.456,00
5 Sum generelle driftsinntekter	195.040.303,10	189.983.250,00	183.832.547,00
6 Sum bevilgninger drift, netto	168.832.484,00	173.322.804,00	171.408.794,00
7 Avskrivninger	15.151.251,00	15.153.741,00	13.569.983,00
8 Sum netto driftsutgifter	183.983.735,00	188.476.545,00	184.978.777,00
9 Brutto driftsresultat	11.056.568,10	1.506.705,00	-1.146.230,00
10 Renteinntekter	200.376,02	278.000,00	278.000,00
11 Utbytter	4.000,00	0,00	220.000,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	1.901,33	0,00	0,00
13 Renteutgifter	4.160.831,54	4.376.000,00	4.176.000,00
14 Avdrag på lån	9.256.550,40	8.401.250,00	8.401.250,00
15 Netto finansutgifter	-13.211.104,59	-12.499.250,00	-12.079.250,00
16 Motpost avskrivninger	15.151.251,00	15.153.741,00	13.569.983,00
17 Netto driftsresultat	12.996.714,51	4.161.196,00	344.503,00
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
18 Overføring til investering	-818.309,00	-818.309,00	0,00
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-284.487,17	1.345.618,00	1.416.302,00
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-11.893.918,82	-4.688.505,00	-1.760.805,00
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-12.996.714,99	-4.161.196,00	-344.503,00
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00



1 Samnanger kommune - 2021

25.03.2022

Regnskap Reg. budsjett Oppr.budsjett

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)

1 Investeringer i varige driftsmidler	13.236.076,61	17.583.877,00	28.049.500,00
2 Tilskudd til andres investeringer	443.968,00	443.968,00	443.968,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1.194.589,00	1.194.589,00	732.000,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00
5 Avdrag på lån	10.486.000,00	10.486.000,00	10.486.000,00
6 Sum investeringsutgifter	25.360.633,61	29.708.434,00	39.711.468,00
7 Kompensasjon for merverdiavgift	1.517.861,90	1.517.862,00	3.151.868,00
8 Tilskudd fra andre	9.585.000,00	14.802.000,00	10.836.000,00
9 Salg av varige driftsmidler	970.607,00	965.000,00	0,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lån	9.220.563,25	11.350.000,00	23.500.000,00
14 Sum investeringsinntekter	21.294.032,15	28.634.862,00	37.487.868,00
15 Videreutlån	1.660.000,00	5.000.000,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	1.660.000,00	5.000.000,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	320.871,66	263.000,00	263.000,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	319.946,91	263.000,00	263.000,00
19 Netto utgifter videreutlån	924,75	0,00	0,00
20 Overføring fra drift	818.309,00	818.309,00	0,00
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1.957.719,33	1.887.482,00	375.000,00
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	1.291.497,88	-1.632.219,00	1.848.600,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	4.067.526,21	1.073.572,00	2.223.600,00
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00



Økonomisk oversikt - drift

1 Samnanger kommune - 2021

25.03.2022

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett
Driftsinntekter			
1 Rammetilskudd	100.724.391,00	98.001.648,00	93.418.324,00
2 Inntekts- og formuesskatt	72.118.826,06	68.958.000,00	67.158.000,00
3 Eiendomsskatt	15.332.564,79	15.208.815,00	15.213.767,00
4 Andre skatteinntekter	5.726.254,00	6.597.123,00	6.597.123,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	1.138.267,25	1.217.664,00	1.445.333,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	32.166.774,84	26.383.369,50	16.386.729,00
7 Brukerbetalinger	8.353.787,93	8.353.104,00	8.588.084,00
8 Salgs- og leieinntekter	34.764.766,26	30.530.697,00	21.719.121,00
9 Sum driftsinntekter	270.325.632,13	255.250.420,50	230.526.481,00
Driftsutgifter			
10 Lønnsutgifter	129.776.424,22	126.734.839,00	121.957.184,00
11 Sosiale utgifter	31.905.059,50	31.890.195,00	29.445.798,00
12 Kjøp av varer og tjenester	63.397.840,24	61.550.604,00	53.634.010,00
13 Overføringer og tilskudd til andre	19.038.488,59	18.414.336,50	13.065.736,00
14 Avskrivninger	15.151.251,00	15.153.741,00	13.569.983,00
15 Sum driftsutgifter	259.269.063,55	253.743.715,50	231.672.711,00
16 Brutto driftsresultat	11.056.568,58	1.506.705,00	-1.146.230,00
Finansinntekter			
17 Renteinntekter	200.376,02	278.000,00	278.000,00
18 Utbytter	4.000,00	0,00	220.000,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	1.901,33	0,00	0,00
20 Renteutgifter	4.160.831,54	4.376.000,00	4.176.000,00
21 Avdrag på lån	9.256.550,40	8.401.250,00	8.401.250,00
22 Netto finansutgifter	-13.211.104,59	-12.499.250,00	-12.079.250,00
23 Motpost avskrivninger	15.151.251,00	15.153.741,00	13.569.983,00
24 Netto driftsresultat	12.996.714,99	4.161.196,00	344.503,00
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	-818.309,00	-818.309,00	0,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-284.487,17	1.345.618,00	1.416.302,00
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-11.893.918,82	-4.688.505,00	-1.760.805,00
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0,00	0,00	0,00
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:	-12.996.714,99	-4.161.196,00	-344.503,00
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00

Avstemming mellom bevilgningsoversikt og netto einingar 2021

Tal i 1000 kr	Rekneskap 2021	Rev.budsjett 2021	Opphavleg budsjett 2021	Rekneskap 2020
Sum netto einingar	192 656	193 574	180 056	178 746
Sum bevilgninger drift, netto	168 832	173 323	171 409	169 629
	23 823	20 251	8 647	9 117
Avstemming mot sum bevilgninger netto	23 823	20 251	8 647	9 117
1 A posteringer bokført på einingane:				
Bruk av ubunde fond	-1 077	-1 392	-470	-3 411
Bruk av bunde fond	-3 232	-3 239	-3 003	-1 900
Avsett til ubunde fond	0	0	0	0
Avsett til bunde fond	2 459	836	530	3 445
Direkte / indirekte skatter	0	0	0	0
Statlege overføringar	0	0	0	0
Renteinntekter	-18	-27	-27	-4
Renteutgifter	29	24	24	43
Overført til investering	118	118	0	0
Sum 1 A bokført på einingane	-1 721	-3 680	-2 946	-1 826
1 B posteringar ikkje bokført på einingane				
Pensjon og aga premieavvik	-10 455	-10 285	-5 449	-2 874
Kontingent	48	105	105	134
Konsulent	419	67	56	66
Overføring til andre kommunar	0	0	0	107
Overført statstøtte til private	78	83	83	85
Tap på krav	7	7	0	6
Konsesjonskraft	5 887	3 798	2 498	2 830
Inntekt konsesjonskraft	-18 093	-14 399	-5 599	-8 304
Avskrivningar	11 716	11 847	10 283	10 681
Motpost avskrivningar	-15 151	-15 154	-13 570	-13 675
Sum 1 B bokført på ansvar finans	-25 544	-23 931	-11 593	-10 943
Netto	23 823	20 251	8 647	9 117

INNHALD

Kort om styring og kontroll m.m.:

- Internkontroll
- Etisk standard
- Sjukefråvær
- Likestilling
- Bedriftshelseteneste
- Lokale lønnsforhandlingar


Fellestenester:

- Rådgjevargruppa
- HR-avdelinga
- Økonomikontoret

Rådmannskontoret

Organisasjonskart

2021 vart eit år kor det vart gjort fleire rådmannsskifte. Rådmannen frå 2020 slutta i stillinga si i september. Deretter vart det ut året 2 konstitueringar samstundes med at rekruttering av ny fast rådmann var igongsett. På figuren under kan du sjå organiseringa ved utgangen av året.



Styring og kontroll

Internkontroll

Etter kommunelova (§ 25-1) skal kommunen «... ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunener ansvarlig for internkontrollen». Vidare seier kommunelova (§ 25-2) at kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst ein gong i året. Rapporteringa skjer gjennom årsmeldinga.

Samnanger kommune har eit overordna kvalitetssystem og eige saks- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk,

politiske vedtak og interne rutinar. Nytt kvalitetssystem (Netpower) vart tatt i bruk hausten 2021. I kvalitetssystemet sikrar me m.a. dokumentasjon av retningslinjer, rutinar og regelverk. Revisjonsintervall er sett og ansvarshavande får melding frå systemet om t.d. tidspunkt for revisjonsbehov. I tillegg har systemet eigen avviks- og varslingsmodul som skal avdekke avvik og risiko for avvik (jfr. kommunelova § 25-1c).

Samhandling Office 365 er iverksett i Samnanger kommune som fellesprosjekt med deltakarkommunane i IKT Nordhordland. Målet er å gjere samhandling og kommunikasjon enklare, meir smidig og meir likt for alle. Dei ulike verktøya omhandlar mellom anna Teams (digital arbeidsflate for samarbeid), Sharepoint (intranett) og Yammer (kommunisere og engasjere på tvers av kommunen).

Gjennom økonomisystemet (Visma) har kommunen god internkontroll på økonomisida. Kvar einskild faktura må både attesterast og tilvisast, og systemet har ulike logiske kontrollar som reduserer risiko for feilføringar. Vidare gjer systemet det mogeleg å sjå kvar fakturaene er i prosessen og automatiske varsel blir sendt ut til kvar einskild tilsett som har fakturaer til handsaming. På denne måten blir risiko for *for* sein betaling redusert.

Framsikt er nytta som styringssystem knytt til planområdet. Føremålet er at verktøyet skal sikre samheng mellom ulike planar og mellom dei langsiktige, overordna planane og økonomiplanen. *Framsikt* vert også nytta i den månadlege rapporteringa frå einingane til økonomikontoret. Me har ikkje kome langt nok i øvrig bruk i løpet av 2021, men ambisjonane er å kunne arbeide godt vidare inn i 2022.

Etisk standard

Det går fram i § 14-7 (d) i kommunelova at «årsberetningene skal redegjøre for tiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard».

Samnanger kommune har i mange år hatt etiske prinsipp for tilsette. Dei noverande etiske prinsippa vart vedteke av kommunestyret i mars 2020.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar på diverse område for å sikre god kontroll og redusere risiko for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut enten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp vert lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Årsaka til dette er mellom anna at lovreglane i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan reglane også føra til at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Dette gjeld både mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, mellom kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at høg etisk standard vert etterlevd.

Koronapandemien førte til at arbeidssituasjonen for ulike grupper av tilsette i kommunen var utfordrende også i 2021. Dei tilsette har på ein god måte klart å ivareta viktige etiske prinsipp også under koronapandemien - både overfor dei ein yter tenester til, kollegaer og arbeidsgjevar.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for Samnanger kommune i 2021 var på 8,71 %. Langtidsfråværet var på 6,56 % og korttidsfråværet på 2,17 %.


Kor mykje av det totale sjukefråværet som er knytt til korona har me ikkje oversikt over.

Sjukefråvær har vore i fokus i alle einingar gjennom heile året, sjølv i einingar med mykje koronarelatert fråvær. Både tilsette og leiarar har stått på og verkeleg gjort ein formidabel jobb under pandemien, og heile tida hatt tenester til innbyggjarane i fokus.

Totalt sjukefråvær i 2021



Sjukefråvær fordelt på einingar i 2021



Likestilling

I tråd med rekneskapsforskrifta § 14-7 skal kommunen gjere greie for arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsverk og lønn fordelt på kjønn i 2021

Nivå	Kvinner			Menn			Totalt
	Årsverk	Årsverk %	Lønn %	Årsverk	Årsverk %	Lønn %	
Kommunen totalt	168,1	83,21 %	82,38 %	33,9	16,79 %	17,62 %	202,1
Leiargruppa	5,0	83,33 %	83,39 %	1,0	16,67 %	16,61 %	6,0
Einingsleiarar	6,0	85,71 %	84,26 %	1,0	14,29 %	15,74 %	7,0
Mellom-/avd.leiarar	5,7	68,52 %	66,82 %	2,6	31,48 %	33,18 %	8,3
Høgare utdanning	71,6	80,71 %	80,07 %	17,1	19,29 %	19,93 %	88,8
Faglærte	53,9	84,20 %	84,20 %	10,1	15,80 %	15,80 %	64,0
Ufaglærte	26,7	92,70 %	94,09 %	2,1	7,34 %	5,91 %	28,8

Samnanger kommunen har ved fleire høve tilsett gravide kvinner og kvinner som er i fødselspermisjon, personar med ulik etnisitet, religion og livssyn og med ulik funksjonsnedsetjing. Dette arbeidet vil kommunen halda fram med og me ønskjer at det skal vera eit stort mangfald blant tilsette hjå oss.

Det er òg eit ønskje frå kommunen si side å få fleire menn inn både i administrasjonen og i einingar der det er overvekt av kvinner. Men som arbeidsgjevar i offentleg sektor er me bunden av kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjing og må tilsetje den som er best kvalifisert, uavhengig av kjønn.

Kjønnsfordelinga i kommunen er som følgjer;

Faste tilsette		
	Tilsette	Årsverk
Kvinner	191	145,49
Menn	51	25,97
Totalt	242	171,46

Vikarar/mellombels stilling		
	Tilsette	Årsverk
Kvinner	37	22,64
Menn	10	8,96
Totalt	47	31,60

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk med å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til løn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner i kommunen. Bortsett frå stillingar ved teknisk drift er det overvekt av kvinnelege søkerar til alle utlyste stillingar.

Deltidstilsette fordelt på kjønn		
	Kvinner	Menn
Tal deltidstilsette	106	16
Årsverk	52,17	5,72

I alle kommunen sine utlysingstekstar oppfordrar me bevisst søkerar som er kvalifisert for stillinga til å søkje uansett kjønn, funksjonsevne og minoritetsbakgrunn. Kommunen ønskjer eit arbeidsmiljøprega av mangfald der kommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og legg arbeidsforholda til rette for alle.

Bedriftshelseteneste

I 2021 kjøpte Samnanger kommune bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse 1 på same måte som dei føregåande åra. Den samla kostnaden i 2021 var på om lag 43.000 kroner. Det er ein ytterlegare nedgang frå året før.

Det har vore mindre reising og møteverksemd i 2021, men einingane har bestilt bistand og rådgjeving frå bedriftshelsetenesta i ulike saker.

Kjøp av bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking i arbeidsmiljøutvalet.

Lokale lønsforhandlingar

I 2021 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 3 og 5 i hovudtariffavtalen, med verknadstidspunkt 01.05.2021 og 04.06.2021.

Det vart eitt brot i forhandlingane i kapittel 3.

Det vart også gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 4 i hovudtariffavtalen, med verknadstidspunkt 01.10.2021. Potten var på 812.809 kroner.

Det vart ingen brot i forhandlingane i kapittel 4.

Fellestenester ved rådmannskontoret

Rådgjevargruppa

Rådgjevargruppa hadde fram til 30.03.2021 i alt fem faste årsverk, inkludert PPT (leiande rådgjevar, rådgjevar/jurist, rådgjevar oppvekst, PPT-leiar/spesialpedagog og logoped/PPT-rådgjevar). I tillegg hadde rådgjevargruppa ei mellombels 50 % rådgjevarstilling barnehage.

Det vart 01.04.2021 gjennomført ei omorganisering i kommunen. PPT vart då flytta til den nyoppretta eininga for livsmeistring. Stillinga som rådgjevar oppvekst vart endra til sektorleiar oppvekst, og stillinga som rådgjevar barnehage vart lagt under sektorleiar oppvekst. Etter denne omorganiseringa ligg det berre att to stillingar i den «gamle» rådgjevargruppa; leiande rådgjevar og rådgjevar/jurist.

For den gjenverande rådgjevargruppa var mellom anna følgjande arbeidsoppgåver sentrale i 2021:

- GDPR - kartlegging, risikovurdering, systematisering m.m. Delar av dette arbeidet vart gjort i samarbeid med IKT Nordhordland.
- Arbeid med ulike juridiske saker/tvistar som kommunen er involvert i.
- Arbeid knytt til politiske/folkevalde organ i kommunen.
- Bistand til servicesenteret med planlegging og gjennomføring av stortingsvalet.
- Oppsett og lansering av nye nettsider for Samnanger kommune.
- Diverse rådgjeving/bistand til rådmann, sektorleiarar, einingsleiarar m.fl.
- Administrativt arbeid knytt til beredskap, mellom anna koronapandemien.

Leiande rådgjevar var i perioden oktober – desember 2021 også konstituert rådmann.

HR-avdelinga

HR-avdelinga hadde 3 årsverk i 2021, fordelt på tre tilsette (HR-leiar 100 %, førstekonsulent HR 100 %, førstekonsulent lønn 100 %). I perioden juli – september var stillinga som førstekonsulent ved HR vakant, frå 1. oktober vart det tilsett ein HR-konsulent i 100 % stilling.

Det har vore eit stort fokus på digitalisering og forenkling av arbeidsoppgåver, samt innføring av nye system. Det har på mange vis vore eit krevjande år, men avdelinga har levert særst godt.

I samarbeidet med IKTNH var Samnanger kommune med i første pulje for lansering av prosjektet Samhandling 365 (samhandlingsplattform med ulike Microsoftprogram). Samnanger tok i bruk tre program i samhandlingsplattforma – Teams, Yammer og SharePoint og gjekk live med desse 18.06.2021.

Dei nye samhandlingsprogramma har gjort det enklare for kommunen å nå ut med informasjon og nyhende til tilsette. Ulik informasjon, lenker og system ligg tilgjengeleg i SharePoint (intranett), nyhende og aktuell informasjon blir lagt ut på Yammer og samhandling og deling av dokument blir gjort i Teams.

Alle tilsette i kommunen har tilgang til Teams, Yammer og SharePoint på sine kommunale PC-ar og alle tre programma finst som app til smarttelefonar. Om tilsette har lasta ned appane vil dei få varsel direkte på mobilen om administrasjonen eller einingane legg ut informasjon og nyhende.

Mot slutten av året tok Samnanger kommune i bruk nytt kvalitets- og avvikssystem, NetPower Solutions. Det nye avvikssystemet forenkler registrering av avvik for tilsette då det opnar opp for registrering via nettbrett og mobil, i tillegg til PC. Verneombod og hovudverneombod blir varsla om HMT-avvik og det er eigen modul for varslingsgruppe som blir handsama av varslingsgruppa.

Det er jobba mykje med å føre inn dokument, prosedyrar og rutinar i det nye kvalitetssystemet. Alle tilsette har eigen brukar i systemet som gjer at dei enkelt kan leite opp aktuelle dokument og lese seg opp på utlagte leselister frå leiar.

Det har også dette året vore mykje digital opplæring via webinar og e-læring. Dette er blitt ein ny måte å tileigne seg kunnskap og informasjon på. Leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod har gjort ein strålende jobb med denne opplæringa, vist tolmod i ein stressande kvardag og bidrege til at HR har fått gjennomført opplæringa slik som planlagt.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har no 2,4 årsverk fordelt på 3 tilsette (økonomisjef 100 %, rådgjevar 100 %, konsulent 40 %). Kommunestyret gav løyving til ei styrking av bemanninga ved kontoret i 2020, men grunna avgang og vakanse så har ein ikkje hatt fullt opp budsjettert bemanning i 2021. Frå og med 2022 vil det vere 2,4 stillingar ved kontoret, og det gjer at vil få noko meir tid som kan nyttast til noko anna enn driftsoppgåver.

På slutten av 2021 vart ny økonomisjef tilsett, og vedkommande var på plass 1. januar 2022. Saman med eit fullt opp bemanna kontor, så gjer det at det vil vere mogleg å ha fokus på fleire område i økonomiforvaltinga. Både økonomioppfølging av einingane og finansieringsstrategi vil vere område der ein vil freista å vere meir aktiv.

Framsikt er nytta som verktøy i den månadlege rapporteringa. Det er ei pågåande vurdering kva system ein skal nytte på økonomiområdet. I 2021 har kommunen nytta Framsikt til

prognoserapportering, Arena til budsjettering og elles Visma Enterprise til rekneskap, økonomirapportar, fakturahandsaming, fakturering og fleire andre modular innan økonomi.

Eit mål er ei vidare digitalisering som medfører meir effektive tenester for brukarane av kommunen sine tenester. Innanfor IKTNH-kommunane (IKT Nordhordland) vert det gjennomført fleire prosjekt som kan bidra i denne retninga; mellom anna det å få på plass ei løysing som gjer at fakturamottakar sjølv kan vera med å bestemma kor ofte faktura skal sendast ut.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Meline Heimdal Haugland

Netto driftsutgifter:

Kr 10 255 083

Avvik budsjett:

Kr -132 614
(meirforbruk 1,29 %)

Tal tilsette:

14 faste + vikarar

Tal årsverk:

9,62

Tal brukarar:

2 504 innbyggjarar
+ tilsette i kommunen og
hyttefolk

Eining for innbyggjarservice

Ansvarsområde

Eininga er sett saman av kulturavdelinga og servicesenteret. Innbyggjarservice har til dagleg tett kontakt – og arbeidar direkte med – innbyggjarane i Samnanger.

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebiblioteket, kulturskulen og friskliv- og frivilligsentralen.

Servicesenteret

Avdelinga har oppgåver som arkiv, sentralt postmottak, kontaktsenter for Samnanger og Gulen, ekspedisjon og kundemottak for kommunehuset, innsyn (etter offentleglova og forvaltningslova), politisk sekretariat, gjennomføring av stortings-, sametings-, kommunestyre- og fylkestingsval, handsaming av sal- og skjenkeløyve, serveringsløyve, tobakkssaker, val av meddommarar/ skjønnsmenn/ forliksråd, systemansvarleg for ei rekkje system og register, tett samarbeid med IKT Nordhordland.

Utviklingstrekk

Innbyggjarar treng generelt meir hjelp med og rettleiing om ulike digitale verktøy. For å ta i bruk offentlege digitale tenester (lokale, regionale og nasjonale) er det trong for digital kompetanse. Koronapandemien har synleggjort behovet for digitale løysningar særskilt godt.

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga er involvert i mange ulike samarbeid og prosjekt. Me ser ein auke i ønskje om samarbeid og dialog både internt i organisasjonen, blant innbyggjarar, frivillige lag og ulike regionale nettverk.

I biblioteka aukar etterspurnaden etter e-bok og e-lydbok. Me ser god auke i besøk og utlån. I 2021 er det 6 526 som har besøkt **biblioteket**. Det er over 2000 fleire enn i 2020. I 2021 hadde biblioteket 6 809 utlån. Det om lag 700 fleire enn i 2020. Me opplever at publikum oppfattar biblioteket som ein god stad å møtast, anten det er for å låne bøker, sosialt samvær, møte eller andre arrangement.

Me ser at det er, og vil verta, ein auke i trongen for frivillig innsats til ulike samfunnsoppgåver.

Frivilligsentralen har sidan oppstart i 2018 auka aktiviteten kvart år. Dei faste møteplassane er godt besøkt, og det er elles mykje aktivitet i sentralen.



Den 22.04.2021 vedtok kommunestyret å oppretta ein **frisklivsentral** i ein prosjektperiode på inntil tre år. Ein frisklivsentral er ei kommunal helseteneste kor målgruppa er personar som står i fare for, eller allereie har utvikla sjukdom. I juni starta frisklivskoordinator arbeidet med å kartlegge behovet i kommunen. Frisklivsentralen er ein etterlengta koordinerande instans, både blant innbyggjarar og internt i organisasjonen. Den kommunale helsetenesta har vore ein sentral samarbeidspart.

Tilboda **kulturkontoret** arrangerer retta mot barn og unge er dessverre vorte prega av koronapandemien. Nokre aktivitetar som t.d. bygdekino har me gjennomført med berre nokre få avlysingar. Medlemmene i rådet er ein aktiv gjeng som har engasjert seg i forskjellige saker. Rådet har fått talerett i kommunestyret i ein prøveperiode på eitt år.

Kulturskulen har hatt stabilt elevtal dei siste åra, og me har ikkje hatt venteliste. Likevel ser me at interessa for dei ulike faga/instrumenta kan variera. I 2021 har det vore ein auke i elevtalet på song og piano. Me ønskjer å gje tilbod om fleire fag og tidlegare oppstart.

Servicesenteret

Utviklinga innan servicesenteret sine mange oppgåver går svært fort. Det er stort fokus på digitale verktøy og arbeidsoppgåvene og omfanget av oppgåvene aukar kvart år, også i 2021. Det er også mykje større krav til detaljkunnskap hos dei tilsette enn tidlegare. Behovet for kursing i lovverk og system har derfor auka betrakteleg dei siste åra.

Behovet for digital rettleiing og hjelp hos innbyggjarar, tilsette og politikarar aukar i takt med innføring av nye digitale verktøy. Dette gjeld ikkje berre interne system, men også system som staten og ulike etatar tek i bruk. Krav frå innbyggjarar om innsyn i saker og journalar er aukande. Tendensen er at det er stor auke særskild i krevjande innsynssaker.

Servicesenteret er involvert i mange ulike prosjekt innan IKT og digitalisering. Dette heng saman med at Samnanger kommune vart med i IKT-samarbeidet i Nordhordland (IKTNH) i 2018. Stadig meir av det lokale, meir praktiske IKT-arbeidet i kommunen vert gjort av tilsette i Servicesenteret. Dette gjeld også arbeid med kommunen si heimeside og intranettside. I *Budsjett og Økonomiplan 2022-2025* er det løyvd midlar til 100% fast stilling som konsulent/IKT-kontakt (jf. KS-vedtak 126/2021). Stillinga vil verta utlyst i 2022.

Hovudmål/satsingsområde i 2021

Eit fokusområde felles for eininga har vore digital utvikling og ringverknadane av denne. Like viktig som at organisasjonen heldt seg oppdatert i «den digitale verda» er å sikra digital kompetanse blant innbyggjarar i alle aldrar. Ein treng digital kompetanse for å kunne bruke offentlege tenester og fungere i dagens digitale samfunn.

Kulturavdelinga

- Hausten 2020 starta kulturskulen opp arbeidet med rettleiingsprogrammet i kulturskuleutvikling til Norsk Kulturskuleråd (RIK-prosjektet). Arbeidet blir avslutta i februar 2022. Hovudvekta av arbeidet blei gjennomført i 2021 med hovudmålet om å «skape felles identitet for personalet i kulturskulen».
- I biblioteket har arbeid med meirope bibliotek vore prioritert. Det same gjeld arbeidsmøte med kommunane i IKT Nordhordland om førebuing av anbod til nytt biblioteksystem. Eit mål har vore meir besøk ute i barnehagane. Digital formidling har vore viktig i fyrste del av 2021.
- Eit satsingsområde i frivilligsentralen har vore å gjera sentralen enno meir kjent blant innbyggjarane, og setja i gong tiltak tufta på innbyggjarane sine interesser. Eit mål har vore å etablera frisklivsentral saman med frivilligsentralen. Det har vore viktig å få eit godt grunnlag for korleis frisklivsentralen skal fungera i Samnanger, samt ha fokus på kompetanseheving, slik at me kan starta med frisklivstilbod i 2022.
- Planane for arbeid retta mot barn og unge i 2021 vert overført til 2022: Ungdomsbading, faste møteplassar for ungdom, LAN-party, tilbod om Sommarklubben og søka tilskot for å oppretta eit tilbod om «Fritidskortet» lokalt.
- Utarbeide *Plan for friluftslivets ferdselsårer*, digitalisere og skilte prioriterte turstiar.

Servicesenteret

- Gjennomføre «Kontaktsenterprosjektet på ein god måte. Samnanger og Gulen har vore pilotkommunar i dette prosjektet. Prosjektet starta opp i september 2021 og har vist seg å vera ein stor suksess så langt.
- Servicesenteret skal sjå til at det er svært god kvalitet på all arkivdanning i kommunen; i alle avdelingar og einingar. Filer og arkivkjerner vert difor kontrollert nøye, særskild i fullelektroniske system der det ikkje finns tilgang på papirmateriale.
- Papirarkiv skal ha best mogleg kvalitet gjennom samkøyrtte rutinar og krav til arkivering.
- Få arkivplanen inn i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Følgja opp vedtak frå kommunestyret i sak 076/2021 «Forvaltningsrevisjon arkiv og innsyn».

Måloppnåing 2021

På slutten av året søkte me *Kommunal- og Moderniseringsdepartementet* om tilskot til å gjennomføra prosjektet «Digihjelpen». Målet er å etablere rettleiingstilbod i grunnleggande digital kompetanse i kommunen. Av 25 søkarar var me blant fire kommunar i Noreg som vart innvilga kr 500 000 til prosjektet. Prosjektperioden er i 2022.

Kulturavdelinga

RIK-prosjektet har vore lærerikt og nyttig. Stillingar i varierende storleik og med ulike arbeidsdagar kan gjera det utfordrande å føla eit fellesskap i kulturskulen. Det har vore stor verdi i å få rettleiing, verktøy og inspirasjon til korleis ein kan skapa ein felles identitet for personalet. Me har god kompetanse i **kulturskulen** som me ønskjer å ta vare på.

Det har vore eit travelt år i **friskliv- og frivilligsentralen**. Me har klart å manøvrera oss i ukjent terreng, fått til det me ønska, og seier oss nøgde med måloppnåinga 2021.

I **biblioteket** har me hatt fleire forfattarbesøk, nokre digitale. Auka aktivitet, besøk og utlån har vore strålende. Sommarles er ein landsdekkande lesekampanje for 1.-7. klasse. 41,4 % av målgruppa deltok i år, snittet i Vestland er 35,7 %. Samarbeidet med barnehagane er styrka.

Koronapandemien har dessverre prega **kulturkontoret** sine aktivitetar retta mot barn og unge i 2021. Me har likevel klart å gjennomføra bygdekinoen og sommarklubben. Etter innspel frå webinar og ungdomsrådet har me hatt fokus på gaming og digitale møteplassar.

I kommunestyremøtet 25.02.2021 vart det vedteke å ta oppstart av Plan for friluftslivets ferdselsårer til etterretning. Det har dessverre ikkje vore høve til å ferdigistilla planen i 2021, men arbeidet er i gong.

Servicesenteret

Ved å halde dei tilsette oppdaterte på lovverk og arbeide tett med andre kommunar, Interkommunalt arkiv Hordaland IKS, Digitalisering og innovasjon Norhordland og IKT Norhordland om elektronisk arkivdanning har servicesenteret bidratt til at kvaliteten på dei kommunale arkiva vert betydeleg betre enn tidlegare. Dei tilsette har også i 2021 delteke på ei rekkje kurs innan dette feltet.

Arbeidet med å rydda papirarkiv frå dei ulike einingane har fortsett også i 2021. Mykje godt arbeid er gjort her, og det vert lettare å finne tilbake til dokumentasjon etter at materiale er rydda på ein god og rett måte. Dette arbeidet er tidkrevjande og vil fortsetje i åra framover.

I kontaktsenterprosjektet har dei tilsette vore svært delaktige og vore med på å forme prosjektet slik at innbyggjarane våre også i framtida skal få ei god oppleving når dei tek kontakt med kommunen. Denne type kontaktsenter er heilt nytt i kommunesektoren i Noreg, og Samnanger kommune er ein av dei første kommunane i landet som er med på eit slikt samarbeid. Det er kjekt å vera vitne til at dette prosjektet har fanga interessa hos andre kommunar, også utanom IKT-samarbeidet i Norhordland.

Barneverntenesta kom tilbake til kommunen etter å ha vore interkommunalt samarbeid med



Bergen frå 2016 til 2021. Servicesenteret arbeider aktivt for at det skal vera høg, fagleg kvalitet på barnevernet sitt digitale arkivmaterieil og datasikkerheit står høgt i fokus.

Servicesenteret vil aktivt arbeide for at det vert etablert gode rutinar for måling av svartid på innsynsførspurnader. Dette vil mellom anna vera med på å synleggjera ulike utfordringar einingane eventuelt har knytt til innsyn.

Spesielle hendingar 2021

Einingsleiar innbyggjarservice/avdelingsleiar kultur har hatt permisjon frå starten av desember 2020 fram til august 2021. I denne perioden har avdelingsleiar på servicesenteret vore vikar (20%) som einingsleiar, Kristoffer Kleiveland har vore vikar (40 %) som avdelingsleiar for kultur og kulturkonsulent har hatt ein mellombels auke i si stilling (20%). Frå og med februar vart NAV ein del av eining for livsmeistring.

Kulturavdelinga

- Kulturskulen hadde konsert før sommarferien saman med korpset.
- Sommarklubben vart arrangert i juli. 20 barn frå 4.-7. klasse deltok.
- Ungdomsrådet fekk talerett i kommunestyret med prøveperiode på eitt år.
- Ungdomsrådet løyvde kr 50 000 frå den nye kommunale ordninga «Tilskot til ungdomstiltak».
- Dagsturhytta ved Kvernesvatnet «Prestakvilet» vart offisielt opna 15.06.2021.
- I samarbeid med ulike lag og foreiningar har frivilligsentralen bidratt til å få inn løyvingar på om lag kr 770 000 til ulike prosjekt som kjem innbyggjarane til gode.
- I samarbeid med Samnanger Lokalsamfunnsforeining vart frivilligsentralen i 2020 tatt inn i forprosjekt til LivOGLyst som omhandlar lokalsamfunnsutvikling. I 2021 har ein arbeida med mobilisering av innbyggjarane. På
- I samarbeid med kulturkontoret og teknisk forvaltning er frivilligsentralen tildelt kr 400 000 til tettstadsutvikling frå Vestland fylkeskommune.
- Frivilligsentralen er blitt ein del av prosjektgruppa som arbeidar for bygdebutikk på Tysse. Butikken fekk tildelt kr 400 000 frå det kommunale næringsfondet i 2021.
- Forfattartreff i biblioteket med Eva Røyrane og Fartein Horgar. Gode digitale forfattarsamtalar med Mirjam Kristensen og Gry Strømme.

Servicesenteret

- Kontaktsenterprosjektet gjekk på lufta i september 2021 med stor suksess. Telefontidene vart dermed utvida frå 10-14 til 9 -15, noko som er eit betre tilbod for innbyggjarane våre.
- Prosjektarbeid og kompetanseutvikling.
- Meir heimekontor hos tilsette i Samnanger kommune har auka behovet for hjelp med tekniske løysingar og digitale verktøy. Dette har servicesenteret arbeida mykje med også i 2021.
- Ombygging av kontorlokala til servicesenteret starta opp i 2021. Ved ei ombygging vil dei tilsette få ein betre arbeidskvardag. Tryggleik og lydisolering er to viktige faktorar i denne ombygginga.
- I 2021 har avdelinga i periodar svare kommunen sin «koronatelefon» og halde informasjon på heimesida oppdatert til ei kvar tid.

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Carolina Falck Mercadal

Netto driftsutgifter:

Kr 11 215 862

Avvik budsjett:

Kr 850 917

(mindreforbruk 7,1 %)

Tal tilsette:

Barneverntenesta

3 stillingar inkl. einingsleiar
(300 %)

**NAV Samnanger
(kommunal del)**

4 stillingar (330 %)

PPT

2 stillingar (200 %)

Tal årsverk:

8

Tal brukarar:

2504 innbyggjarar
+ tilsette i kommunen

Eining for livsmeistring

Eining for livsmeistring vart etablert som eiga eining i 2021, og består av NAV, barneverntenesta og PPT (pedagogisk-psykologisk teneste).

Organiseringa må sjåast i lys av barnevernsreforma som langt på veg er ei oppvekstreform. Innsats skal frå 01.01.2022 i langt større grad enn tidlegare vere førebyggjande. For å få dette til er det viktig at organiseringa legg til rette for tverrfagleg samarbeid.

Nav

NAV leiar: May-Eva Sandvik

- Budsjett 2021: kr. 3 720 237,- rekneskap kr. 2 863 370, -, mindreforbruk: kr. 856 867,-
- Budsjett 2020: kr. 3 807 843,-, rekneskap kr. 3 747 657,-, mindreforbruk kr. 60 186,-

Tal tilsette: 4 (2,7 kommunale stillingar og 1,3 statlege stillingar). Sjukefråvær 1,64%

Ansvarsområde:

Til den kommunale NAV-avdelinga ligg økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustader til vanskelegstilte, Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskot), søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma og flyktningetenesta fram til 31.12.2022. Frå 01.01.2022 er det ikkje budsjettert driftsmidlar til flyktningar fordi kommunen ikkje lenger har innbyggjarar som vert definerte som flyktningar. I tillegg har NAV-kontoret prosjektet «Vegen vidare». Frå 01.01.2022 er prosjektet gått inn i normal drift og har namnet «Finn vegen vidare».

Barneverntenesta

Barnevernleiar: Carolina Falck Mercadal

Barnevernstenesta vart tilbakeført til Samnanger kommune 01.09.2021, etter at me hadde kjøpt denne tenesta frå Bergen kommune i nokre år.

Barneverntenesta har to stillingsheimlar i tillegg til barnevernleiar. Barnevernleiar er i tillegg einingsleiar i eining for livsmeistring, og ein del av stillingsressursen hennar er derfor ikkje direkte knytt til barneverntenesta.

Kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid med Bergen barnevernsvakt som ivaretek akuttberedskap utanom kontortid.

Blant styringsdokumenta for barneverntenesta i Samnanger er "Mål og retningslinjer for barneverntenesta i Samnanger kommune" som vart vedteke av kommunestyret 25.02.2021. Kommunestyret har oppretta eit barnevernsutval med fire medlemmar. Utvalet skal gje barnevernet råd i saker som kan førebyggja at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Utvalet kjem i funksjon ved at barnevernleiaren vender seg til leiaren i utvalet og ber om råd.

For å kunna hjelpa barn og ungdom som ikkje har det bra der dei bur jobbar barneverntenesta både ut frå førespurnader om bekymring og eigne initiativ. Ofte startar det med ei bekymring frå nokon som kjenner barnet og vil bidra til at det får hjelp. Arbeidet til barneverntenesta handlar om både støtte og kontroll. Barneverntenesta skal først og fremst gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølve skal kunna meistra omsorgsansvaret sitt. Slik hjelp og støtte kan gjevast i form av ulike typar hjelpetiltak i heimen som til dømes råd og rettleiing til familien, avlastningstiltak, støttekontakt og barnehageplass.

PPT

PPT leiar: Mina Moss

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) er sakkunnig instans i spørsmål om barn sine behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning på skulen. I tillegg til slikt arbeid på individnivå skal PPT arbeide på systemnivå ved å samarbeide tett med barnehagane og skulane om gode og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.

PPT Samnanger har 2 stillingar; PPT-leiar og logoped. Logopeden arbeider delvis som sakshandsamar i PPT og delvis som utøvande logoped.

PPT Samnanger har faste dagar ute i einingane kvar veke og arbeider i nettverk m.a. gjennom ressursteam i alle barnehagane og skulane ein gong i månaden.

PP-tenesta samarbeider tverrfagleg på lokalt nivå, t.d. med helsestasjon og kommunepsykolog. Og på statleg nivå med mellom anna Statped, BUP og psykiatrisk teneste.

Utviklingstrekk

Nav

NAV Samnanger har lagt bak seg eit krevjande år sett i relasjon til utfordringar med korona. Det har ført til at tilsette har vore mykje på heimekontor og i todelt turnus. Avdelinga har likevel jobba målretta mot utviklingsmåla våre, til dømes å få fleire i jobb og færre på stønad. Det viser også rekneskapstala med eit mindreforbruk på kr. 856 867,- (tal for 2020 var eit mindreforbruk på kr. 60 186,-). Dette har og samanheng med målretta arbeid gjennom prosjektet «Vegen Vidare».

Tala for 2021 viser at det bur 14 flyktningar i kommunen. Tal mottakarar av sosialhjelp er redusert samanlikna med tal frå 2020. I 2021 er det registrert 40 mottakarar mot 49 i 2020. Avdelinga har gitt økonomisk rådgjeving til 9 personer. Det er ei jamn tilgong med søknadar om *Startlån*. Kommunen fekk i 2021 tildelt kr. 5 mill. til utlån mot kr. 2 mill. i 2020.

Barneverntenesta

Per 31.12.2020 var det 510 barn i aldersgruppa 0 – 17 år i Samnanger kommune. Samnanger har for 2020 langt færre barn med undersøking og tiltak enn samanliknande utval. Det er vanskeleg å ha ei klar formeining om årsaka til dette. Det kan ha samanheng med både sosioøkonomiske tilhøve og korleis andre kommunale tenester for barn og familiar er innretta og såleis handterer ulike utfordringar som elles ville ha gått vidare til barnevernet.

Vi ser ein tydeleg nedgong i tal meldingar etter at Samnanger tok over barneverntenesta. Det kan vera fleire årsaker til dette, men me tenkjer at tillit til barneverntenesta er ein del av biletet. Det vil vera eit fokus framover å jobba med å byggje opp tillit i befolkninga. Manglande ynskje om hjelpetiltak frå barneverntenesta syner kor viktig det er å ha ei profesjonell tenesteutøving som har tillit i befolkninga generelt, men også tillit blant til dømes samarbeidspartar og andre viktige aktørar som har ansvar for kommunen sine barn og unge. Viktig stikkord er her sjølv sagt «*omdøme*», men også individuelle brukaropplevingar knytt til barn, unge og føresette si faktiske oppleving av å bli møtt av barnevernet sine ulike tilsette.

Barnevernsreforma trådde i kraft 01.01.2022. Reforma skal gi meir ansvar til kommunane på barnevernområdet og styrka det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats. Samla sett er barnevernsreforma i realiteten ei oppvekstreform der kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Bakgrunnen for å flytta meir ansvar til kommunane på barnevernområdet er nærleiken kommunane har til familiare og innsikta i behovet til barna og foreldra. Målet er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

Kort om ny barnevernslov som blir gjeldande frå 2023:

Det vil bli auka kompetansekrav, meir førebygging, auka krav til dokumentasjon og grunngevingar, og meir styring og leiing lokalt. Rettane til barn blir styrka og samværsreglane blir endra i tråd med føringar frå Høgsterett og den europeiske menneskerettsdomstolen, EMD.

PPT

I april 2020 vedtok Stortinget meldinga med namn «*Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO*». I denne meldinga står det m.a. at regjeringa forventar at kommunane skal arbeide med kultur for inkludering med mål om at alle barn og elevar skal få gode, tilpassa tilbod. Kommunen må arbeida målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene, for å gje barn og unge som treng det eit heilskapleg tilbod. Ein ønskjer barnehagar og skular som gjev gode mogelegheiter for alle barn og unge - uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Ein vil legge til rette for at god kompetanse kjem tett på barna og elevane. Ein ønskjer å styrka det tverrfaglege samarbeidet og set i gong eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet for tilsette i barnehagar, skular og PP-tenesta. Dette arbeidet må PPT Samnanger og einingane samarbeide tett om i tida som kjem.

Det heiter at det viktigaste me kan gjera for å styrka ein inkluderande praksis i barnehage og skule, er å betra kvaliteten på det ordinære tilbodet - det som vert gjeve til alle barna/elevane. Då vert lærarane betre i stand til å fanga opp barn og elevar tidleg. Me må bryta ned barrierar mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske. Det vil føra til mindre behov for spesielle ordningar for enkelte barn.

PPT Samnanger har i løpet av våren 2021 revidert blått hefte «*Rutinar for tilpassa opplæring og spesialundervisning*» i grunnskule og vaksenopplæringa, og har laga raudt hefte «*Rutinar spesialpedagogisk hjelp*» for barnehage.

Eininga sin hovudmål/ satsingsområde 2022

Eininga er framleis ganske ny og hovudmålet for 2022 er å jobba med å få utarbeidd eigne mål for eininga. Eininga må få tid til å setja seg og finne ei felles plattform med felles mål og strategiar. Det er sett av ein fagsamling på 2 dagar i mai for å jobba med dette.

Eininga skal ha tillit i organisasjonen, hos politikarar og hos innbyggjarane.

Det skal leggjast stor vekt på arbeidsmiljø i eininga og i dei ulike avdelingane.

Eininga skal aktivt arbeida med å halda sjukefråværet lågt.

Nav

- Gje brukarar effektiv og heilskapleg individuell og arbeidsretta oppfølging
- Redusere utgifter på sosialbudsjettet
- Utvikle arbeids- og marknadstiltak
- Tileigne seg meir digital kompetanse
- Kompetanse og god service til brukarar og samarbeidspartnarar
- Etablere og utvikle LEAN
- Auke opp ramma for startlån
- Prosjekt «Forenkling fornying og forbetring»

Barneverntenesta

Barneverntenesta skal bidra til at barn har gode oppvekstvilkår. Vi skal arbeida førebyggjande og setja inn riktig tiltak til rett tid for barn som har behov for hjelp. Barnevernet har ei viktig rolle i Samnanger kommune sitt tenestetilbod til barn og unge. Barnevernet skal saman med andre kommunale tenester hjelpa til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår, god fysisk og psykisk helse, og førebyggja at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.

Å jobba for å sikra at barn og familiar får riktig hjelp til riktig tid er eit viktig mål for barneverntenesta. Det er derfor eit mål i løpet av 2022 å utarbeida ein «Strategi for betringsarbeid og kvalitetsutvikling» i tenesta med treårige mål og innsatsområde, og dessutan årlege utviklingstiltak for tenesta. Formålet med strategien er kontinuerleg forbetra måloppnåing for samfunnsoppdraget til barnevernet om å gi barn som lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira rett hjelp, omsorg og vern i rett tid.

Medverknad frå barn og unge står sentralt i barnevernet og har stor betydning for dei ulike prosessane som vert gjennomført. Barnevernlova sine føresegner om dette, (jf. m.a. § 1-6 og § 1-7), må sjåast i lys av menneskerettslege rammer, Barnekonvensjonen artikkel 12 og Grunnlova § 104. Krav til forsvarlege tenester tilseier at barnet si meining skal hentast inn som ein del av avgjerslegrunnlaget, og at medverknad skal dokumenterast.

Barneverntenesta har utarbeida prosedyrar og malar som tek opp i seg kravet til at barn blir høyrte, og at dette vert dokumentert.

Måloppnåing 2021

Nav

Inkludert flyktningetenesta har avdelinga eit driftsbudsjett på kr. 3 720.237,-. Rekneskapan viser eit forbruk på kr. 2 863 370,-, eit mindreforbruk på kr. 856 867. Prosjektet «Vegen vidare» (no kalla «Finn vegen vidare») har i stor grad bidratt til at sosialbudsjettet er

vesentleg redusert. Formålet med prosjektet er tettare oppfølging og raskare avklaring av den enkelte, og å redusera ytingar i størrelse og tid. Prosjektet som har økonomisk støtte frå Statsforvalter fram til 31.12.2021, har bidratt til at målgruppa har fått utdanning, ordinært arbeid og deltaking i arbeidsmarknadstiltak. Kring halvparten i prosjektet er i jobb, resten fordeler seg på skule, arbeidsretta tiltak og varig yting frå NAV. Kring 10 % har flytta. Det bur 14 flykningar pr. 2021 i kommunen mot totalt 23 i 2016 (jfr. KO-vedtak). Erfaring viser at einslege flyktningar gjerne flyttar til byar, medan etablerte familiar vert buande. Dette er ei forventa utvikling. Hovudmålet var at dei etter avslutta introduksjonstid skulle hjelpast til skule og jobb. Det målet har me langt på veg nådd.

Kommunen har jamn tilgong på søknad til startlån og me har fått auka ramma med kr. 5 millionar i 2021.

NAV Samnanger har også sett i gong prosjektet «Forenkling, fornying, forbetring», herunder HR-oppgåver, oppdatering av ulike retningslinjer og HMS. I samband med hendinga på NAV Årstad har NAV Samnanger gått igjennom ulike tiltak for sikkerheit i kontorlokalet og vurdert opp mot staten sin minimumsstandard. Dette arbeidet går framleis føre seg.

Me har også fått nye dataprogram. Den største endringa var Sosio, eit program i samband med saksbehandling for sosialhjelp. Dei tilsette på NAV Samnanger har også gjennomført ulike kurs og kompetanseheving og LEAN-opplæring.

NAV-avdelinga har eit sjukefråver på 1,64 %. Avdelinga har som mål å vera brukarorientert, levere tenester med god kvalitet til rette tid, være løysingsorientert og framtidsretta.

Barneverntenesta

Barneverntenesta i Samnanger starta opp i september 2021. Det er derfor ikkje noko måloppnåing for 2021.

Spesielle hendingar 2021

Eininga vart etablert i september 2021. Einingsleiar byrja i stillinga 01.05.2021.

Barneverntenesta

Barneverntenesta vart tilbakeført til Samnanger kommune 01.09.2021. Samnanger hadde før det kjøpt denne tenesta frå Bergen kommune i nokre år.

Det har vist seg vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til den eine stillinga i barneverntenesta (sakshandsamar) sjølv om stillinga har vore lyst ut fleire gongar. Det har hausten 2021 derfor vorte leigd inn ein ekstern konsulent for å dekkja denne stillingsheimelen.

Samnanger barnevern deltok hausten 2021 i eit tenestestøtteprogram i regi av Bufdir som går over omlag eit år. Dette bidreg til tenesteutvikling hjå alle tilsette i tenesta, og skal gje auka kvalitet i tenesta. I tenestestøtteprogrammet arbeider tenestene med vidareutvikling av og refleksjon rundt eige undersøkings- og hjelpetiltaksarbeid med særleg fokus på traumesensitivitet og nettverksmobilisering. I tillegg er brukarmedverknad eit viktig perspektiv i heile programmet. Hovudføremålet med tiltaket er å oppnå positiv praksisendring i tenestene. Programmet er derfor prosessorientert og skal ha rom for tilpassing til behova hos dei ulike tenestene som deltar.

Samnanger barnevern deltek også i eit læringsnettverk som er ope for alle kommunane i Vestland fylke. Fokus her er på kompetanseutvikling, fagnettverk og rettleiing til kommunale tiltaksarbeidarar.

PPT

PPT-leiar gikk ut i 1 års permisjon fra oktober 2021. Det ble ansatt vikar som begynte 05.10.2021.



Pumpehus Ytre-Tysse

FAKTA OM SEKTOREN:

Leiar:

Hilde-Lill Våge

Netto driftsutgifter:

Kr 25 511 813

Avvik budsjett:

Kr 1.591 970
(meirforbruk 6,2 %)

Tal tilsette:

22 (+ 17 deltid
brannkonstablar)

Sjukefråvær:

9,9 %

Tal årsverk:

21,35 % (+ 0,17 % brann)

Tal brukarar:

Ca 2 500 innbyggjarar

Sektor for samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling er eit tenesteområde med arbeidsoppgåver knytt til samfunns- og næringsutvikling, landbruksteneste, tekniske forvaltnings- og driftstenester.

Ansvar for om lag 13 ulike utbyggings- og investeringsprosjekt er og lagt til sektoren med gjennomføring i 2021-22. Nytt vatn og avløp på Ytre-Tysse har vorte utsett i fleire år. I 2021 vart utbygging starta opp med mål om å vera ferdig utbygd til sommaren 2022. Ny veg til Hagabotnane har og vore ei sak som har vore drøfta over fleire år. Kommunestyret la vegen ut på anbod våren 2021, men vedtok å ikkje gjennomføre kontrakt. Oppstart med ny gangsti til Hagabotnane vart sett i gang for å betre noko av tilkomsten for brukarar av idrettsanlegget. Hausten 2021 vart det vedteke å arbeide fram ny fleirbrukshall i Samnanger.

Økonomi

Samfunnsutvikling forvalta i 2021 totalt 25,5 mnok eksklusiv sjølvkostnader. Teknisk drift hadde eit overforbruk på om lag 6,2%. Overskridinga skuldast hovudsakleg auka straumutgifter, smitteverntiltak i samband med Covid, diverse vedlikehald og meirutgifter til renovasjon. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp, slam og feiing vert haldne utanom driftsutgiftene til teknisk drift og kjem i tillegg.

Samfunn og Utvikling	2020-Rekneskap	2021-B revidert	2021-Rekneskap	Avvik
Teknisk FV	9.302	10.280	10.330	-49
Teknisk Drift	13.030	13.639	15.181	-1.541
Totalt	22.332	23.919	25.511	-1.591

Netto driftsutgifter. Tal i heile tusen.

Utfordringar for sektoren

Investeringsprosjekta er av eit slikt omfang at det bør dedikerast både tid og ressursar til ein eigen prosjektleiar til å gjennomføre desse. Leiar av sektoren og teknisk driftssjef ikkje hatt kapasitet til prosjektleiing i tillegg til den daglege drifta utan at det går utover planarbeidet, driftsoppgåver, næringsutvikling og ei rekkje lovpålagte oppgåver som t.d. tilsyn. Krav om anbod og oppfølging av anbudsprosessar er både tidkrevjande og eit relativt komplisert fagarbeid. Ei

anna stor utfordring som er svært arbeidskrevjande, er å følgje kommunen sitt eige innkjøpsreglement med å måtte hente inn anbod på alle kjøp over 100.000 kroner. Denne summen bør verte heva. I 2022 er sektoren tildelt ressursar til både prosjektleiar og 1 stilling på teknisk forvaltning. Det vil forbetre arbeidsmiljøet til dei tilsette, kvaliteten på tenestene og framdrifta på oppgåvene. Vi reknar med å ha tilsette på plass og vera operativ i løpet av sommaren 2022.

Mål og fokusområde for sektoren

- ✓ FN sine berekraft mål er grunnlaget i planarbeidet
- ✓ Vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn
- ✓ Fokus på samfunns næringsutvikling
- ✓ Digitale –tenester
- ✓ Vera rusta for raske samfunns-endringar og jobbe smart
- ✓ Halda det me lova, god dialog og sørvis

Teknisk forvaltning, næring og landbruk

Ansvarsområde

Til teknisk forvaltning ligg forvaltningsoppgåver innan plan, næring, bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, landbruksteneste, klima, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen. I tillegg var det i 2021 lagt inn 13 investeringsprosjekt der prosjektleiing òg var lagt til eininga. For landbruk vert det vist til Bjørnafjorden landbrukskontor si eiga melding.

Utviklingstrekk i 2021

Teknisk forvaltning har eit svært vidt og tverrsektorielt ansvarsområde. I 2021 vart eininga redusert frå 6 tilsette til 5. Eininga hadde eit stort etterslep på arbeidsoppgåvene, og med ytterleg ressursreduksjon måtte det til ei hard prioritering. Eininga har høg kompetanse og som dekker store delar av tenesteområdet, men treng ei styrking innanfor fagområda klima, miljø, forureining og naturforvaltning.

Ei av primæroppgåvene er å utarbeide lovpålagde planar som samfunnsplan, arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), reguleringsplanar og temaplanar innan vatn og avløp, trafikksikring, næring og klima. Til noko av dette arbeidet er det krav om spesialkompetanse og analysearbeid som vi må hente inn frå eksterne. Høgaste prioritert framover er å komme ajour med kommunen sitt lovpålagte planarbeid i løpet av denne folkevaldperioden 2019-23.

Hovudmål/satsingsområde i 2021

Satsingsområda kjem ofte i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedtekne i budsjettet eller gjennom lokalt vedtekne prosjekt. Nedanfor er oversikt over desse:

Næring

- I 2021 har det vore trykk og fokus på å legge til rette for næringsutvikling i sjø med plan for akvakultur og revisjon av områdeplan for sentrumsutvikling på Bjørkheim. Kommunedelplan for akvakultur er under arbeid. ABO-Stord er innleigd

spesialkompetanse for arbeidet. Sommaren 2021 vart det utført ei undersøking av miljøtilstanden på to utvalde djupvasslokalitetar i Samnangerfjorden. Det vart også utført ein arealkonfliktanalyse for å peika ut område som det kan arbeidast vidare med, med tanke på å finna nye akvakulturlokalitetar. Det vart og arbeid med kva type miljøkrav som kan innarbeidast i føresegnene til planen, for å sikra at ny etablering av akvakultur ikkje får negativ innverknad på miljøet i fjorden. Arbeidet med planen held fram i 2022, med plan om endeleg vedtak.

- Områdeplanen for Bjørkheim er ein reguleringsplan i kommunal regi. Det vart opna for innspel til det pågåande arbeidet med revisjon av områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet, og HR Prosjekt utførte eit moglegheitsstudium for sentrumsutviklinga. Mot slutten av året vart det gjort ei politisk handsaming av moglegheitsstudiet og innspela til planen. Det vart også opna opp for at arbeidet med å lokalisera og realisera ein fleirbrukshall kunne innarbeidast i område-reguleringsplanen, dersom Lauvskar skulle bli vald av kommunestyret som lokalitet for ein fleirbrukshall.

Planar

- Planstrategien skal gje ei oversikt over planbehovet og ressursar til dette i folkevaltperioden 2019-23. Eininga har arbeid med planstrategien i frå 2019, og hatt samlingar med dei andre einingane om deira behov for planar dei neste åra. Den har vore på høyring i 2020 og er ferdig utarbeidd frå eininga. Det står att vurderingar frå rådmannen, og med desse frå ny rådmann er det mål å få planstrategien til politisk handsaming i juni 2022.
- Samfunnsplanen er «sjefen» over alle planar og eit særskilt viktig plandokument for både politiske og administrative slutningar. Vi har ambisjon å få å lagt fram eit planprogram til politisk handsaming i formannskapet hausten 2022. Både politikarar og administrasjon er med i eit nettverk i regi av fylkeskommunen om korleis ta inn FN sine berekraftmål og klimamål i samfunnsplanen og anna planarbeid.

Prosjekt

- Vatn og avløp på Ytre Tysse - I 2021 vart det gjennomført anbudsprosess for avløpspumpe. Dette måtte til ekstra utlysingar og Covid førte til ei rekke forseinkingar med leveranse av både utstyr og tenester. Det er gjennomført møte og dialog med innbyggjarane, samt samkøyring med Eviny, Telenor og Bergen Fiber som



VA-Ytre-Tysse



Bilder: Ole-Martin Bruvik

eig annan infrastruktur i området. Areal til avløpspumpe er forhandla fram og kjøpt, og avklart at kommunen ikkje tek over Tysse eldre vassverk. I 2021 vart 1 bustad og 1 næringsverksemd knytt til nytt vatn, og 6 bustader og 1 næringsverksemd knytt til nytt avløp. Når prosjektet er ferdig i løpet av sommaren 2022 vert totalt 17 bustader, 2 fritidsbustadar og 3 næringsverksemder tilknytt vatn, og på avløp vert 20 bustadar og 3 næringsverksemder tilkopla.

- Vatn og avløp – Rødne: Det pågår kjøp av areal til avløpspumpe og prosjektering av anlegget. Her er det og forseinkingar på leveranse, men vi reknar med å kople på abonnentar seinhaustes 2022.
- Fleirbrukshall – kommunestyret har vedteke å få utarbeid ny fleirbrukshall i Samnanger, og oppretta hausten 2021 prosjektgruppe og prosjektleiar frå ABO til dette arbeidet. Prosjektgruppa jobba fram ulike plasseringsalternativ og Lauvskarmyra vart valt. Plasseringa vert innarbeid i reguleringsarbeidet for Bjørkheimsområdet.
- Ny veg til Hagabotnane vart vedteke å ikkje realisere. Prosjektet med gangsti til Hagabotnane i traseen til vassleidninga vart starta. Kommunen kom til semje med grunneigar og avtale om traseen hausten 2021. Arbeidet med prosjektering og anbod pågår, med von om at den kan verte teken i bruk til sommaren 2022.
- Reiselivsutvikling ved Fossen bratte vart lyst ut på anbod. For å kunne realisere prosjektet føreset det regulering av ny avkøyrsløse i lag med fylkeskommunen og investorar som går inn i ei vidareutvikling av utbygginga.
- Byggjerekneskap for Skottabakken, Høgdebassenget i Nordbygda, Ras- og flomsikring Skottabakken og Teigavika vart godkjent av revisor og kommunestyret.



Bilde: Erik Espelid

Måloppnåing i 2021 – kvalitet i sakshandsaming og kontinuitet i planlegginga

Teknisk forvaltning forvalta i 2021 totalt om lag 10,3 mnok i netto driftsutgifter, inkludert sjølvkostområde for feiing. Innkjøp av hjartestartarar til alle bygg var ikkje budsjettert og er hovudårsaka til i eit meirforbruk på 0,5%.

I 2021 hadde teknisk forvaltning, inkludert brann og næring eit sjukefråvær på 19,3 %. Noko av sjukefråværet om våren var arbeidsrelatert og knytt til svært krevjande saker. Det er om lag ikkje korttidsfråvær i eininga, og langtidsfråvær i ei avdeling med få personar får store utslag prosentvis og enkelte saksområde må settast på vent eller omprioriterast.

Planarbeid og investeringsprosjekt går ofte over fleire år og føreset god logistikk og leiing om framdrifta skal følgje tidsplanen. Heimekontor og mykje bruk av Teams pga. pandemien har resultert i at plan- og utviklingsprosessane vert tregare og framdrifta tek lenger tid.

Forvaltning

- Teknisk forvaltning bistår teknisk drift med å registrere og legge inn kommunale VA-leidningar i kart, samt ingeniør- og prosjekteringskompetanse i VA-prosjekt. I 2021 er det gjennomført ei vesentleg oppgradering i KOMTEK, som er kommunen sitt faktureringsystem for kommunale avgifter. Vi har gjennomført kontroll av alle feiegebyr, og er godt i gang med kontroll og oppretting av ev feil, samt manglande betaling på kommunale avgifter knytt til vatn og avløp. Vi har og sett opp ny og meir administrativ tidssparande avlesingsmetode for vassmålar. Reglar for innføring av vassmålar i kommunen er klar til handsaming i løpet av våren 2022.
- Private reguleringsplanar: Det vart vedteke ei mindre endring av reguleringsplan for Bruahaugen, og handsaming av planinitiativ for reguleringsplan for bustad i Hagabotnane (Haugane).
- Fylkeskommunal regulering: Regulering for gangveg i Eikedalen er sett på vent inntil trase for tunnel i Tokagjelet er regulert.
- Forvaltningsområde vi har gitt omfattande uttalar til:
 - Melding om søknad om kraft frå land NOA / Krafla
 - Statnetts «Konseptvalgutredning Bergen og omland»
 - Regional transportplan Vestland
 - Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion
 - Søknad om konsesjon til å byggja Smådalselva kraftverk
 - Senking av HRV (høgste regulerte vasstand) i Øvsta og Nedsta Dukavatnet
 - Rehabilitering av Fiskevatn Dam
- Forvaltning av søknader:
 - Motorferdsle: Det vart handsama tre søknadar om løyve til helikopterlanding, og alle fekk løyve.
 - Søknad om utsleppsløyve: Det kom uvanleg få søknadar om små, private avløpsanlegg. Berre to anlegg vart omsøkt og fekk løyve.
 - Byggesakhandsaming: 52 byggesaker vart handsama i løpet av 2021, med ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 10 dagar. 23 byggesaker vart handsama med 12 veker frist. 2,7 % av søknadane vart gjeve med dispensasjon i plan. Kontoret mottok ikkje klager som resultat av byggesakshandsaminga dette året. Det vart ført tilsyn på 1 bygg i 2021. I løpet 2022 ønskjer kontoret å auke tilsynsaktiviteten på bygg som er unnateke søknadsplikt. I 2021 er det avdekka ei ulovleg oppføring av bygg, ei sak som framleis pågår.
 - Oppmåling: Det er utført 16 oppmålingsforretningar og opprettingar i matrikkelen, som i stor grad er ajour. Fleire kartsystem er lagt om for å gje digital tilgang til brukarar og bl.a eigedomsselskap. I tillegg bistår oppmåling økonomikontoret med oppdatering av opplysningar og synfaring i samband med eigedomsskatt.

- Rettsaker: I 2021 pågikk det 3 rettsaker som er knytt til tenesteområdet for tekniske tenester. Ei vart avslutta i Lagmannsretten der kommunen vann saka og er tilkjent erstatning. Dei to andre var oppe i Tingretten, der kommunen vann begge sakene, men motparten har anka til Lagmannsretten og sakene ligg framleis i rettssystemet.
- Eigedomssal: Kommunen har få attraktive tomter att i Lønnebakken bustadfelt, og det er behov for å regulere for nye tomter der det er opna for dette i kommuneplanen. I 2021 vart det selt 4 tomter. Ei viktig oppgåve for kommunen dei neste åra vert å ta ei aktiv rolle med å påverke til bustadutbygging og næringsutvikling. I 2022 er det i budsjettet lagt opp samarbeid om reguleringsplan for ulike typar bustader i Bjelkavikområdet. Området bør dekke behovet særskilt for omsorg + integrert med både fleirbrukshus og einebustader.
- Prosjektert VA-trase i Eikedalen, er lagt fram som grunnlag for avtale med Kvam. Kvam har fått utfordring frå Samnanger om utbyggingsavtale. Prosjektet vert og sett i samband med regulering av gang- og sykkelveg i Eikedalen, samt Tokalgjelprosjektet.

Næring:

- Kommunen har gjeve statleg koronastøtte til næringslivet, forvalta gjennom regionalforvaltningsportalen. Skilt til industriområdet i Rolvsvåg og skilt på kommunehuset vart montert. Ei rekkje planlagte møte med næringslivet vart utsett grunna korona. Hausten 2021 fekk Samnanger kome med ei eit nettverk med 16 kommunar frå Vestland og Rogaland for å lære om korleis kommunen kan jobbe med næringsutvikling i plan og vera pådrivar. Oppstartsmøtet vart gjennomført i mars 2022.

Klima og miljø:

- Forvaltningsområdet klima og miljø vart mest skadelidande for stillingskuttet i eininga i 2021. Forureiningsaker og fullføring av ladepunkta på Samnangerheimen var tiltak som vart prioritert. Vi fekk 150.000 kroner i tilskot frå Klimasats til finansiering av ladepunkta. Meirkostnad for grunnarbeidet med å tilrettelegge for takoverbygg vart medfinansiert frå teknisk drift. Arbeidet med klimaplanen bør skje parallelt med samfunnsdelen og følgt opp av ein temaplan med tiltak. Målet om å verte miljøfyrtårnbedrift kan først no starte opp. Sertifiseringa føreset at kommunen har eit felles kvalitetstyrings-system. Dette vart etablert hausten 2021.

Det vart gjeve to tilskot til ungdom som stod for plastydding sommaren og hausten 2021.



Ladepunkt sjukeheimen- bilde: Våge

Brann og beredskap:

- Offentleg Beredskapsplan vart revidert i tråd med regleverk og ROS-analyse. Eininga tok og på seg å utarbeide ny operativ beredskapsplan med tiltakskort til bruk i Kommunal kriseleiing (KKL). Grunna koronaepidemien står det att å slutføre nokre av tiltakspunkta i ROS-analysen.
- Brannvesenet hadde i 2021 noko mindre oppdrag enn "normalt" og nesten alle oppdrag (unnateke helseoppdrag) var i første halvår. Årsaka er ikkje eintydig, men pandemien kan ha vore ei medverkande årsak. Ut frå BRIS-statistikken hadde Samnanger brann og redning totalt 55 oppdrag i 2021. 37 oppdrag var knytt til helse og 2 til trafikkulukke. Berre 4 var løfte- og bæreoppdrag, og 3 oppdrag var brann i bygg, utanfor bygg og grasbrann. Det var spesielt få trafikkulukker som utpeikar seg som den største skilnaden frå tidlegare år. Tenesta har greidd å halde mest mogleg normal drift under pandemien. Mest skadelidande har vore å få gjennomført øvingar, sidan vi ikkje har kunna samla alle i mannskapet samstundes slik me skulle ønskt. Brannvesenet trener i gamle biblioteket på kommunehuset og branntøy vert sendt til eksternt vaskeri for vask i påvente av oppgradering av brannstasjonen.

Teknisk drift

Ansvarsområde

Til teknisk drift ligg drift av vatn- og avløp (sjølvkostområde), drift og vedlikehald av kommunale eigedommar, park og uteområde, reinhald, drift av veg og kaiområde. I tillegg er ei rekkje større og mindre utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt òg lagt til teknisk drift. Det er 8 årsverk knytt til drift av teknisk infrastruktur, medan 8,35 årsverk arbeider i reinhaldsavdelinga. Teknisk drift fekk tilsett ny leiar i mai.



Skottabakken - bilde: Erik Espelid

Utviklingstrekk i 2021

Teknisk drift har til liks med forvaltning fått ansvar for ei rekkje store investeringsprosjekt i tillegg til dagleg drift. Denne kombinasjonen har vist seg å vera utfordrande og gje for stor arbeidsbelastning på teknisk leiar. Teknisk driftsleiar har i 2021 prioritert å ha fokus på dagleg drift og slutføre pågåande prosjekt for bruvedlikehald og reservevassverk. Med ein eigen prosjektleiar på laget forventar eininga å få ei forbetra arbeidssituasjon og avlasting på oppfølging og framdrift av framtidige prosjekt.

Investeringar framover vil verte å fornye VA-nettet og få nye påkoplingar. For kommunale eigedommar er det særskilt ungdomsskulen og kommunehuset som vil trenge ombygging og større rehabilitering. Det er og viktig at teknisk drift er med i planlegginga av framtidig drift og vedlikehald til ny fleirbrukshall.

Dei kommunale vegane treng opprusting og vi bør rekne med eit «skutelass» med asfalt kvart år. Elles må vi rekne med ei vesentleg utbetring av vegen i Nordbygda. Vegen til Hagabotnane er og ei utfordring. Kommunen har no landa på å gjennomføre utberingar der det er mogleg framfor å bygge ny.

Teknisk drift sine hovudmål/satsingsområde i 2021

Satsingsområda i drift kjem i tillegg til den daglege drifta og er vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt. Drift har hatt både mindre og krevjande utbyggingsprosjekt i 2021, og fleire av dei har gått over fleire år:

- Heis på kommunehuset – etter ein del forseinkingar på leveransar vart heisen montert og kunne takast i bruk på nyåret 2022.
- Utføre tiltak i beredskapsplan for kommunalt vatn (ROS) – pålegg om å etablere reservekjelde vassverk. Tiltaket måtte dessverre utsettast i 2020, og målet var å få det ferdig i 2021. Pandemien og forseinkingar i leveransar har ført til ytterleg forseinkingar. Vi har frist til sommaren 2022 frå Mattilsynet med å få anlegget etablert.
- Vatn og avløp – i 2021 var det særskilt arbeid med å få oppstart på nytt vatn og avløpsanlegg på Ytre-Tysse og Rødne. Forvaltninga har hatt prosjektleiaransvaret medan teknisk drift har bistått arbeidet. Elles har målet vore å få skifte ut mest mogleg gamle vass- og avløpsledningar fortløpande, og få på nye abonnentar.



Heis kommunehuset - Bilde: Knut Hellevik

- Kommunale eigedommar – Teknisk drift har ansvar for vedlikehald og drift av 8 kommunale tenestebygg og 27 omsorgsbustader. Det er ramma til vedlikehald som avgjer omfanget og kva tiltak som kan gjennomførast. I budsjettet vart det gjort vedtak om ekstern tilstandsrapport for kommunehuset, ungdomsskulen og Vassloppa. Rapporten som vart utarbeidd viste ikkje til andre behov for tiltak enn det som teknisk drift var kjent med og hadde rapport om tidlegare.
- Ombygging kommunehuset – Det vart behov for fleire kontorplassar på kommunehuset då barneverntenesta og skulle ha sine kontor der. Samstundes hadde arkivet HMS-utfordringar og mangel på kontor då kommunen gjekk inn i felles telefonteneste med Gulen og Austevoll. Ei anna HMS-utfordring gjennom lang tid har vore sikkerheita og nøkkelsystem for tilsette på kommunehuset. Mandat for oppdraget vart overført til teknisk drift sommaren 2021. Ombygginga føresett ein viss logistikk for gjennomføring, og servicesenteret/arkivet vart nødvendig å prioritera først. Den vidare ombygginga og behov for kontor vert sett som eit nytt prosjekt.
- Ny branngarasje – Det er arbeidd med ulike tomteløysingar. Responstid er avgjerande for kor ny garasjen kan ligge. Det vert og sett på rehabilitering av eksisterande garasje, samt felles med teknisk drift.
- System for meldingar på eigedom, veg, vatn og avløp – i budsjettet vart det sett av 50.000 kroner til å få etablert eit rapporterings- og kvitteringssystem for henvendingar til teknisk drift. For interne henvendingar frå brukarar av bygga er det etablert QR-kode og registrering i drift sitt vedlikehaldssystem FAMAC. For innbyggjarane er vi i ferd med å rulle ut i løpet av våren 2022 eit rapporteringssystem i kart via heimesidene. Innbyggjarane kan då merke i kartet t.d. eit ras i veg, og denne meldinga går til drift. Drift skal då kvittere for utført rydding av raset.

Måloppnåing i 2021 – Utbygging av VA-nettet på Ytre-Tysse og heis på kommunehuset

Teknisk drift forvalta i 2021 totalt netto 15,18 mnok, og hadde eit meirforbruk på 1.541.975. kroner. Meirforbruket på om lag 10,1 % er i hovudsak knytt til auka straumutgifter, pålegg om asbest-rapport på bygg, handtering av smittevernustyr og ekstra reinhald, samt auka renovasjonsutgifter og noko vedlikehald. Kommunen fekk i 2020 pålegg om å kartlegge asbest i kommunale bygg. Kartlegginga gjennomførte vi 2021 og den resulterte i behov for å gjennomføre mindre tiltak på ungdomsskulen, kommunehuset og Vassloppa. Det er gjennomført opplæring og etablert rutine for handtering av asbesthaldig materiale.

Teknisk drift hadde i 2021 sjukefråvær på 5,1 %. Eininga har om lag ikkje korttidsfråvær og sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert. Sjukefråvær i teknisk drift førte til at brøytevakta i 2021 vart noko krevjande. Det vart færre å fordele vaktene på, og for å redusere belastninga vart det tatt inn vikar for sesongen og vegen til Nyutløtræ vart sett ut til privat aktør.

- Kommunale eigedommar - Taket i Reistadliane – gamle barnehagen, vart lagt i 2021 og det er skifta kledning og takvindu i arbeidsromma på ungdomsskulen. Det er ei utfordring at nødvendige tekniske anlegg er kutta ut under bygging. På Samnangerheimen har det i 2021 vore nødvendig vedlikehald og oppgradering av varmeanlegget. Helsetunet fekk og nytt alarmanlegg.

- VA-utbetringar - Det er gjennomført ei rekkje utbetringar på mange små og store lekkasjar på VA-leidningar. Største utskifting har vore i Gjerdsvegen og skifte av ventilkryss ved Haukanestunellen. Nytt sørvishus til høgdebassenget i Nordbygda. Det står att å rive det gamle høgdebassenget. Pumpestasjonen ved salthallen vart oppgradert for å få til betre utspyling og styring av avløpsnett. Vasskvaliteten på kommunalt vatn er svært god og har høg kvalitet, med få driftsstopp. Ei stor utfordring er avløpet som går under Vassloppa barnehage. Den går ofte tett sjølv om det er utført ei rekkje forbetringar. Ei omlegging vert difor nødvendig å prioritera i 2022.

- Veg - Vegen til Langeland er ferdig asfaltert og grøfta for å ta unna overvatn. LED-lys er skifta innanfor avsett budsjettsum.

- Hjelpemiddel - Teknisk drift står for utkøyring og levering av hjelpemiddel, og reparasjon av E-nøkkelsystem (elektronisk edørlåsar). Behovet for hjelpemiddel er eit

aukande behov med ein aldrende befolkning, som skal ha tilbod om å bu lengst mogleg heime. Teknisk brukar no om lag 35-50 % av sin stillingsressurs til dette. Vi ser at det vil gå meir tid til dette i framtida, og utan nye ressursar til dette vil det gå ut over andre vedlikehaldsoppgåver. Det er og eit aukande behov for felles lager til oppbevaring og reparasjon. No står det rundt om på institusjonane og opptek plass.

- Reinhaldsoperatørane har hatt eit utfordrande pandemi-år, der reinhaldsfrekvensen vart oppjustert på mange av bygga. Samnangerheimen og Helstunet har hatt størst fokus og høgast frekvens, og det har vore krav om meir overflatedesinfisering på alle bygg. Dei har strekt seg langt og gjort ein formidabel jobb med å hindra at smitte breidde seg i Samnanger. Fleire golvbelegg har gjennom 2021 blitt skifta ut på fleire bygg, med tanke på lettare reinhald.



Ny vassledning- Bilde: J-E Mjelstad

Teknisk drift opplever ofte at forventningane i einingane og ute blant innbyggjarane er høgare enn det drifta har fått av midlar til rådighet til vedlikehald. Det er utarbeidd brukaravtalar for alle kommunale institusjonar og felles forståing for ramma og prioritering av vedlikehaldet. Det vert spennande å sjå om meldesystemet via heimesida for innbyggjarane på feil på vatn, avløp og veg kan gje ein god dialog.

Spesielle hendingar i sektoren 2021

- Det vart kjøpt inn hjartestartarar til alle kommunale bygg, derav 3 stykk var 24/7-startarar montert utandørs i Hagabotnane, kommunehuset og på Bjørkheim

- Våren 2021 starta kommunen å legge ny vatn- og avløpsleidning på Ytre-Tysse
- Skilting av kommunehuset og kommunale institusjonar og omsorgsbustader
- Skilt til industriområdet i Rolvsvåg
- BOF fekk heva eit omtalt og gammalt skipsvrak i Rolvsvåg og tilskot til ungdommar som rydda plast
- Motorsagkurs for tilsette
- Asbestkurs og sertifisering av tilsette
- Mellombels toalett-løysing ved Fossen bratte
- 3 tilsette i reinhaldsavdelinga som har teke fagbrev i reinhald
- Kommunestyret vedtok å heisa Pride-flagget på kommunehuset



Sagkurs - Bilde: Sven Tore Kulleseid

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:
Janne Drevsjø

Netto driftsutgifter:
Kr 39 663 631

Avvik budsjett
Kr 1 283 240
(mindreforbruk 3,1 %)

Inntekt sal til andre kommunar:
Kr. 2 091 000

Årsverk :
54

Tal fast tilsette:
101

Sjukefråvær:

Samnangerheimen:
10,95 %

Heimetenesta:
17,62 %



Eining for pleie og omsorg

Ansvarsområde

Til eininga ligg drift av Samnangerheimen, heimebaserte tenester, kreftkoordinator, koordinerande eining, psykisk helse og dagtilbod. Tenesta har ansvar for å sørge for naudsynte og forsvarlege tenester som møter den enkelte sine behov, og det blir difor lagt vekt på at alle skal få individuelt tilpassa pleie- og omsorgstenester i samsvar med lov og forskrift. Det vert levert gode tenester innan pleie og omsorg, og me ivaretek døgndrift samstundes som me jobbar med utvikling og tilpassing innan tenesteområdet.

Våre verdiar er tryggleik, respekt og omsorg.

Utviklingstrekk

Pleie og omsorg skal sørge for tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i alle fasar av livet. Me opplevar at stadig fleire brukarar / pasientar har fleire og meir samansette behov. Nærleik til sjukehus i tillegg til samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune. Spesielt opplever me at pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus. Mange har behov for vidare behandling i eigen kommune kor behandlinga ofte skjer i eigen heim.

Det er ein auke av fleire eldre som ynskjer plass på sjukeheimen og det er difor viktig å førebyggje og sette inn hjelpetiltak tidlegast råd allereie i heimen. Langtidsopphald i sjukeheimen er for pasientar med stort behov for medisinsk oppfølging, samt med omfattande helse- og omsorgstenester, og vil gjelde når hjelpetiltak i heimen er vurdert å ikkje kunne utførast på ein forsvarleg måte.

Det er difor viktig å skape trygge rammer ved å auka heimerehabilitering og styrke brukarane si eigenmeistring. Eininga har fokus på tidleg innsats, sette inn hjelp og tiltak, og gje støtte og rettleiing til pasientar/brukarar og pårørande.

I tråd med dette har eininga eit stadig aukande behov for kompetanseheving. Det er ein klar auke av komplekse oppgåver, og fleire av pasientane som kjem på korttidsopphald er relativt dårlege og krev mykje ressursar. Dette fører igjen til at det er aukande behov for frigjering av sjukepleiarar som er aleine på ubekvemme vakter. Sjukepleiardekninga er framleis pressa, og høg aktivitet, krevjande pasientsituasjonar og oppgåver inne og ute, fører til behov for sjukepleiar på topp. Det er viktig at tilsette kjenner seg trygge i oppgåver dei skal utføra for å kunna gje god og forsvarleg omsorg.

Fleire personar får i dag diagnose demens/Alzheimers. Grunna høg levealder har dei i tillegg fleire diagnostiserte somatiske sjukdomar, samt at mange øvrige utfordringar er knytt til denne pasientgruppa. Spesielt ser me ein auke i utagering og trugsmål frå pasientane mot tilsette. Det krev ressursar å gje forsvarleg pleie, tilrettelegge, skapa tryggleik, utøve tolmod og løysingsorientering. I tillegg er det svært viktig å ivareta og beskytte tilsette når pasientar er utagerande og utøver psykisk og fysisk vald. Rettleiing, samtale og støtte, undervisning og tilrettelegging er viktige oppgåver for å ivareta alle. Rettleiing, samtale og støtte til *pårørande* er ei anna viktig oppgåve rundt demente. Det er viktig at pårørande får nytte sine ressursar, men det er òg viktig å syte for gode avlastningstilbod til dei demente slik at pårørande ikkje blir utslitne, men klarar å stå i situasjonen over tid.

Det er ein auke i heimebuande som treng tenester frå heimetenesta. Mange pasientar har mottatt nødvendig hjelp i eigen heim og den enkelte pasient får ivaretatt sine grunnleggjande behov med respekt for eigenverd. Målet er størst mogleg eigenomsorg og utvikling i eit trygt miljø med vekt på behandling og omsorg, vedlikehald av funksjonar, gjenopptrening av tapte funksjonar, samtidig aksept av tilbakegang og tilrettelegging for en verdig og fredfull død.

Nokon får tilsyn opp til ni gangar i døgnet, mens andre har mindre og færre behov for tenester. Det er ein høg gjennomsnittsalder på brukarar av heimetenesta, og enkelte etterspurnadar til sjukeheims plass er grunna einsemd og mangel på tryggleikskjensle. Me merkar òg større pågong frå pårørande som ynskjer å ha sine nærstående på sjukeheimen for at dei skal vere trygge på at deira kjære blir ivaretatt og har det bra.

Det er gitt naudsynte avlastnings-, korttids- og rehabiliteringsopphald i 2021.

Tildeling av sjukeheims plass skjer etter eigne kriterier som er nedfelt og vedtatt i forskrifta om rett til langtids plass på sjukeheimen. Dette gjeld dei med mellom anna alvorleg sjukdom, dei som går inn i livets siste dagar, demente som ikkje kan bu heime aleine, og brukarar som bur heime der det kan vera fare for liv og helse, som skal få sjukeheims plass i dag. Andre som kan bu heime, får forsvarleg helsehjelp i eigen heim. Me ser at etterspurnad etter omsorgsbustader aukar og då er det ofte sterkt ynskje om å få bustad i nærleiken av sjukeheimen.

Samnanger kommune ikkje har eit heildøgns omsorgstilbod til andre enn dei som kvalifiserer til sjukeheimplass. Vidare planar inneber å gjere ei avdeling på Samnangerheimen om til forsterka omsorgsbustader. I oktober 2020 starta rådmann og einingsleiar pleie og omsorg å planlegga dette, men grunna koronapandemien blei dette utsett. Eininga er no saman med teknisk drift på nytt i gong med planlegginga.

Det er framleis vanskeleg å leige ut omsorgsbustadar på Tyssekaien, då få ynskjer å bu der.

Pleie og omsorg har frivillige samarbeidspartnarar som er viktige. Frivilligsentralen, eldrerådet og Røde Kors besøksteneste er nokre av dei viktige samarbeidspartnarane me nyt godt av blant anna på dagsenter, som besøksvenn og besøk på Samnangerheimen.

TENESTER	VEDTAK 2020	VEDTAK 2021
Kortidsopphald med rehabilitering	71	92
Kortidsopphald	37	34
Kortidsopphald med utgreiing	8	9
Langtidsopphald	8 nye, til saman 22	9 nye, til saman 24
Avlastning på Samnangerheimen	6	12
Fast rullerande opphald	2	3
Heimesjukepleie	114	95
Praktisk bistand	57	38
Matombringing	33	32
Dagsenter	45	31
Tryggleiksalarmar	25	16
Omsorgsløn	4	5
Kreftkoordinator	14	10
Psykiatrisk sjukepleie	20	34
MORS		

- Dagsenter har auka opp ein dag, grunna auke demente.

Måloppnåing i 2021

- **Ha tilstrekkeleg med tilsette med rett kompetanse**

Me held fram med integrerte tenester og ser fordelar med dette i omsorga til brukarar og pasientar. Tilsette dei kjenner både frå egen heim og på sjukeheimen. Tilbakemelding frå tilsette er og framleis god. Dei får variasjon i arbeidet både fysisk og psykisk med å rullera inne

og ute, samstundes som ein kjenner pasientane og kan følgja dei godt opp. Arbeid kvar 6. helg er framleis ei lita utfordring grunna vakante stillingar, men er eit stort gode for tilsette. Me er sårbare ved fråvær, spesielt på helg. Dette har ført til meirarbeid og overtid for enkelte tilsette. Me jobbar vidare med rekruttering.

- **Kompetanseheving**

Det kjem fortløpande til nye oppgåver rundt pasientgruppa. Kompetanseheving er difor ein føresetnad for å kunne ivareta den enkelte pasient og brukar. Det stiller større krav og kompleksiteten er stor. Det er viktig at den enkelte tilsette blir trygg og får nok kunnskap til å utøva oppgåvene.

- Demens ABC er gjennomført
- Mitt livs ABC er gjennomført
- Internundervisning med palliativt årshjul
- To sjukepleiarar er ferdig med vidareutdanning innan avansert gerontologi
- Ein tilsett går på desentralisert sjukepleie
- Intern undervisning og tavleprosjekta fortsette me å utvikla.

- **Gje gode og forsvarlege tenester**

Pasientar og brukarar får omsorg og pleie etter den enkelte sine behov. Me følger nasjonale føringar og planer og reforma «Leva heile Livet» er ein del av dette. Men sjølvstøtt med individuelle behov for den enkelte pasient/brukar. Å utvikla og byggja gode og vedvarande helse- og velferdstenester er eit kontinuerleg arbeid der me må tenkja nytt om korleis me kan møte eit auka tenestebehov i framtida - med dei same eller færre ressursar. Her kjem bruken av velferdsteknologi inn, samt å kunne utnytte moglegheitane knytt til kvart trinn i *omsorgstrappa*. På den måten skapar me god samanheng mellom tenestene.

Tidleg innsats er noko me har i fokus og me må alle tenkje nytt. Når pasientar/brukarar opplever forverring av tilstand eller skade, må det vera stort fokus på behandling, rehabilitering, tryggleik og eigenmeistring.

Trass pandemi har me ikkje gått ned på tenester og har framleis fokus på den enkelte pasient/brukar.

Psykiatri og rus har utvikla tenesta vår. Fleire har tatt kontakt og fleire har fått tilbod om hjelp i korte og lengre forløp. Me tilbyr miljøarbeid, samtalar, gruppetiltak, pårørandesamtalar, oppfølging frå spesialisthelsetenesta, hjelp og bistand med daglege utfordringar, og har fast dagsenter og bading i basseng.

Kreftkoordinator har gjeve eit stort løft til pasientgruppa og pårørande. Dette er eit lavterskeltilbod kor fleire tar kontakt. Tenesta bistår m.a. med samhandling knytt til spesialisthelsetenesta, lege, samtalar, pårørandemøte, behandling og rettleiing.

- **Fokusområde**

Alle pasientar og brukarar får kartlagt ernæringsstatus ved påbyrja tenester. Ernæringsjournal opparbeidast med ny kartlegging kvar måned. Ernæringsplan vert utarbeida for risikopasientar. Øvrig:

- Videreutvikle innhaldet i innkost og årskontroll.
- Auka søkjelys på vurdering av samtykkekompetanse og HLR.
- Det er innført pårørandesamtale minimum ein gong pr. år.

- **Førebyggjande heimebesøk**

Eit tilbod til alle over 81 år som ynskjer det. Dette har me ikkje fått til i 2021 grunna pandemi, men har plan om å starte opp igjen i løpet av våren.

I besøket får me kartlagt heimebuande og om det er tenester dei treng frå kommunen. Fokus på førebygging og tidleg innsats.

- **Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråver**

- Personalmøte kvar måned
- Kvar tysdag samarbeidsmøte med einingsleiar, fagsjukepleiar og assisterande avdelingssjukepleiar
- Tysdag- og torsdagsmøte der me tar opp utfordringar, rutinar osv.
- Felles lunsj kvar fredag
- Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annankvar måned
- Digitalt avvikssystem
- Årsturnus
- Kompetanseheving
- Tett dialog med den sjukemelde
- Tilrettelegging ved behov
- Medarbeidarsamtalar
- Gratis influensavaksine til alle tilsette
- Halde fram med å utvikle eininga og ta del i prosjekt
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og ta del i prosjekt

- **Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og ta del i prosjekt**

Har vore til tider utfordrande grunna press på tenesta og til tider høgt sjukefråvær.

Men det går føre seg mange prosjekt som eininga er med i. Tema som blir arbeidd med er:

- Implementering av nytt journalsystem
- Utviklingsplan
- Pasienten si helseteneste i eit helsefelleskap
- Ernæring
- Pakkeforløp kreft og psykisk helse

- **Utfordringar**

Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåver me skal løysa. Me held fram med rekrutteringsarbeidet, sjukefråvær/Covid-19.

Spesielle hendingar i 2021

Covid-19

Koronapandemien har i stor grad prega drifta. Situasjonen har vore utfordrande for brukarar, pasientar, pårørande og tilsette, men me har erfart stor vilje og evne til omstilling. Gjennom koronakrisa har me fått eit digitalt løft der me til tider arbeidar meir effektivt. Me ser stor nytte av nye arbeidsmåtar gjennom t.d. Teams - både internt og i møte med samarbeidspartar utanfor kommunen. Dette er effektivt i høve til reisetid og reisekostnad, og ein arbeidsmåte vi vil ta med oss vidare. Me vil i tillegg lyfte fram opplevinga av ei **godt samarbeid mellom einingane**.

Mål 2022

- Fortsette med å gje gode tenester
- Sjukefråvær under 9 %
- Halda fagdagar for alle tilsette
- Ha nok tilsette med rett kompetanse
- Medarbeidarsamtalar
- Implementering av nytt journalsystem
- Gje god opplæring til tilsette
- Carport til bilane i heimetenesta. Heimetenesta skifter ut bilar i 2022. Det vert berre elbilar og dette er viktig i forhold til lading. Sjølv med nye ladestasjonar opplever me øydelagte kablar ved regn og snø.







FAKTA OM AVDELINGA:

Einingsleiar:

Janne Drevsjø

Netto driftsutgifter:

Kr 13 700 797 ,-

Avvik budsjett :

Kr - 302 063 ,-
(meirforbruk 2,2 %)

Tal tilsette:

21

15 oppdragstakarar

Sjukefråvær:

5,56 %

Tal årsverk:

13

Tal brukarar:

26

Avdeling for funksjonshemma

Avdeling for funksjonshemma er ein del av eining for pleie og omsorg. Til avdelinga ligg drift av bufellesskapet, dagtilbod, arbeid og aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt m.m. Bufellesskapet har 9 bebuarar og rundt 15 andre heimebuande med tenester og oppfølging. Brukargruppa er frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene dekkjer frå omfattande til mindre omfattande tiltak.

For å drifte avdeling for funksjonshemma har ein landa på ei fordeling av oppgåvene. Einingsleiar har blant anna personalansvaret for tilsette som er tilknytt avdelinga. Fagansvarleg har fagansvar for funksjonshemma, samt oppgåver og kontakt med brukarar som bur heime inkludert deira pårørande.

Utviklingstrekk

Brukarar kan ha rett til koordinator, individuell plan og oppfølging i ansvarsgrupper. Dette aukar moglegheitene for å ivareta tverrfagleg samarbeid på ein god måte. Det har i aukande grad, nasjonalt og internasjonalt, vorte sett større fokus på psykiske lidningar blant utviklingshemma dei siste åra. Dette er noko ein også ser lokalt og det medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad vert eit tverrfagleg tema. Avdelinga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta, for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

Avdelinga sine hovudmål og satsingsområde i 2021

- Halde sjukefråværet nede
- Fokus på å heve fagkompetansen
- Gjennomføre samarbeidsmøte tilknytt brukarar
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker i bufellesskap
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagte arbeidsoppgåver ein kan gjere saman på det nye bufellesskapet. Kanskje starte dagsenter og vere vertskap for andre
- Få til ein god innflyttingsprosess til nytt senter og ein god overgang til nytt bygg

- Ha pårørandemøte i forkant av flyttinga, slik at dei får god informasjon
- Arrangere innflyttingsfest
- Lage gode prosedyrar for det nye senteret
- Innføre digital IP
- Behalde og rekruttere fagpersonell
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker
- Innføre Digi-Helse i avdelinga
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagte arbeidsoppgåver

Tenester	Vedtak
Heildøgnteneste	11, 3 nye i 2021
Habilitering utanfor institusjon	1
BPA	2
Avlastning utanfor institusjon	2
VTA	5 plassar i annan kommune
Heimesjukepleie	11
Støttekontakt	14

Måloppnåing

- Brukarar og tilsette har funne seg godt til rette i eit flott nytt bygg
- Arrangere innflyttingsfest
- Planlagt å laga til fest i sommar
- Lage gode prosedyrar for det nye senteret

Me har jobba mykje med å få på plass nye prosedyrar for avdelinga. Tilsette har vore veldig engasjerte og me har fått på plass fleire nye og gode prosedyrar. Me har fokus på pasienttryggleik, utvikling innan organisasjonen, kompetanseheving og at alle er samkøyrt til beste for kvar enkelt bebuar.

Fokus på fagkompetansen

- Tilsette har gjennomført *Mitt livs ABC*
- Tilsette har gjennomført *Velferdsteknologiens ABC*
- Det er tilsett to sjukepleiarar i avdelinga. Då brukarane er eldre, og fleire følgesjukdommar er komne til, ser me at denne kompetansen er viktig.
- Digital IP er innført og tatt i bruk
- Digi-Helse er fortsatt ikkje starta opp då vårt fagsystem ikkje på noverande tidspunkt støttar dette

Planlegge dagsenter

Stilling til dagsenter var lagt inn som tiltak i budsjett 2022. Me er no i prosess med å lysa ut stilling. I samband med det vil 2 VTA-plassar bli sagt opp.

Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær

- Personalmøte kvar måned
- Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annankvar måned
- Digitalt avvikssystem
- Årsturnus med langvakter
- Kompetanseheving
- Tett dialog med den sjukemelde
- Tilrettelegging ved behov
- Medarbeidarsamtalar
- Gratis influensavaksine til alle tilsette
- Det er eit mål for avdelinga med flest mogleg tilsette i heile stillingar, og det er fokus på å ha god kompetanse tilgjengeleg til ei kvar tid.
- Gode måltid med brukarar og tilsette med moglegheit til å invitere pårørande
- Det er låg andel menn tilsett i avdelinga. Dette er det fokus på i rekrutteringa ut frå eit likestillingsperspektiv, men og med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

Spesielle hendingar i 2021

- Covid-19 har framleis sett sitt preg, men har ikkje vore restriksjonar for brukarar. Tilsette har sikra smittevern i arbeidet med brukarane.
- Halde fram med med årsturnus og langvakter. Tilsette ynskjer denne ordninga.
- Brukar- og pårørandemøte
- Tett samarbeid med psykiatritenesta

Mål 2022

- Halde sjukefråværet nede
- Fokus på å heva fagkompetansen
- Gjennomføre samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufelleskap
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker
- Starta opp dagsenter
- Jobba med utfordringar rundt uteareal





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kari Anne Tolås Boge

Netto driftsutgifter:

Kr 13 641 695

Avvik budsjett:

Kr 485 575

(mindreforbruk 3,56 %)

Tal tilsette:

10

(utan sjukeheimslege)

Sjukefråvær:

3,82 %

Tal årsverk:

7,5

Tal brukarar:

2504 innbyggjarar

Eining for helse

Ansvarsområde

Fysioterapi, kommunepsykolog, jordmor, helsesjukepleiar, legeteneste, kommunale ØHD-senger og legevakt.

Utviklingstrekk

Helseeininga har eit stort ansvarsområde som omfattar heile befolkninga i kommunen. Nokre av dei tilsette har ansvar for befolkninga i ein avgrensa tidsperiode i livet, som jordmor i svangerskapsomsorga. Medan til dømes legetenesta har ansvar for heile befolkninga i alle fasar av livet.

Somme av dei tilsette har ansvar for førebyggjande helsearbeid, som t.d. helsesjukepleiar. Me er 10 tilsette med høg fagleg kompetanse. Det er stadig nye faglege nasjonale retningslinjer som utfordrar oss i vårt virke. Dei siste åra særleg knytt til handtering av koronapandemien. Her har mykje tid og ressursar blitt nytta i eininga vår til å handtere pandemien på best mogleg vis. I 2021 har me hatt eit tett og godt samarbeid med pleie og omsorg i høve testing, vaksinerings og anna handtering av koronapandemien.

Samhandling mellom dei ulike kommunale einingane samt mellom 1. og 2. linetenesta er ein av kvalitetane som arbeidet i eining for helse er bygd på. God intern samhandling i vår eiga eining og godt felles fokus på *kven og korleis* me tener målgruppa vår er også ein del av vårt fundament.

Vidare ynskjer helseeininga å være ein tenesteytar som har pasient og brukar i fokus. Me ser og gjev helsehjelp i eit heilskapleg perspektiv basert på god helsemedisinsk kvalitet i alle fasar av livet.

Stadig nye nasjonale føringar for helsestasjonsarbeidet og legetenesta spesielt gjer at me må aktivt arbeide for å vere på høgde med kva kvalitet me leverer innan for både førebyggjande og kurative arbeidet.

Mål

- Kompetanseheving for å sikra den enkelte pasient/brukar eit godt tilbod
- Lågt sjukefråvær
- Godt arbeidsmiljø
- God handtering av koronapandemien. Følgje nasjonale føringar for handtering av koronapandemien
- Lågterskeltilbod frå psykolog
- Starte planlegging av plan: Førebygging av sjølvskading og sjølvskading
- Fokus på psykisk helse
- God tilgang til hjelpemiddel
- Gje ei god og stabil svangerskapsomsorg
- Tverrfagleg samarbeid
- Kvalifisert personale i stillingane
- Trim for dagsenter

Måloppnåing 2021

- Året 2021 har også vore krevjande med tanke på kompetanseheving. Me har delteke på aktuelle webinar og samlingar. Det har vore ei prioritering å ha kvalifisert personell i stillingane. Det har ikkje lukkast å få tilsett helsesjukepleiar (60%) etter at den forrige slutta i februar 2021.
- Sjukemelde: Det er låge tal sjukemeldte i eininga. Det er viktig å ha fokus på dette og ha tett oppfølging av dei det gjeld.
- Arbeidsmiljø: Me gjennomfører personalmøte for alle i eininga. Vidare har personalet på legekantoret egne personalmøte. Me har hatt faste sosiale treff sommar og jul.
- Medarbeidarsamtalar vart gjennomført ved hjelp av Motivati.
- Handtering av koronapandemien: Korona har gjeve eininga mange utfordringar. I 2021 har vaksinerings og planlegging stått i fokus, i tillegg til testing og smittesporing. Det har for 2021 vore knytt over 200 % ressurs til koronarbeidet i tillegg til timesbasis på vaksineringsdagane. Det har også i 2021 vore eit stort arbeidspress knytt til smittevernlegestillinga.
- Lågterskelpsykolog: I 2020 fekk me tilsett fast kommunepsykolog. Dette skal vera eit lågterskeltilbod. Stillinga er delt i tre:
 - Behandling/individuell oppfølging av barn, foreldre og vaksne
 - Systemarbeid og psykologfagleg rettleiing og samarbeid til/med andre tenester i kommunen
 - Overordna planarbeid med fokus på psykisk helse. Kommunepsykologen har vorte ein god ressurs i handtering av psykisk helse i kommunen, særst opp mot barn og unge.
- Hjelpemiddel: Det er viktig med tilgang til gode og nødvendige hjelpemiddel. Fysioterapeut er kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen og har gode rutinar for kartlegging, bestilling, utprøving og levering av desse.

- God svangerskapsomsorg: Ei god svangerskapsomsorg er viktig, både for å utføre undersøkingar, avdekkje vald og unormalitetar og tryggje foreldre fram mot fødsel. Stillinga er no på 20 % og ny jordmor starta i den i august 2022.
- Tverrfagleg samarbeid: Me samarbeider godt internt i eininga vår. Vidare har me samarbeidspartnarar både i kommunen og utanfor. Leiande helsesjukepleiar sit i regionalt samarbeidsfora med andre leiande helsesjukepleiarar, og kommuneoverlegen har faste møte med andre kommuneoverlegar og Statsforvaltaren. Ulike tilsette i eininga sit i krise- og omsorgsteam og palliasjonsteam i kommunen, i tverrfagleg samarbeidsteam for barn og unge i kommunen og faste samarbeidsmøte med BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk). Leiande helsesjukepleiar er kontaktperson for barn som pårørnde for kommunen. Ulike tilsette samarbeider tett med skule og barnehage.

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestillinga og gje lågare sjukefråvær

- Julelunsj
- Sommarfest
- Ad hoc-samlingar
- Fagdagar
- Felleslunsjar
- Tverrfagleg samarbeid
- Medarbeidarsamtalar
- Sjukefråvær oppfølging
- Møte i allmennlegeutvalet
- Personalmøte kvar månad
- Kompetanse er ein viktig føresetnad for alle oppgåver me utfører i eininga. Me treng å halda oss fagleg oppdatert og levere tenester av god kvalitet. Me ynskjer å vera tilgjengelege for brukarane og pasientane våre.
- Leiande helsesjukepleiar deltek i fagforum med andre leiande helsejukepleiarar i kringliggjande kommunar.
- Kommuneoverlegen deltek på smitteverndagane ved Folkehelseinstituttet, på Statsforvaltaren si årlege samling for kommuneoverlegar.
- Fortsette arbeidet med å laga skriftlege prosedyrar

Nokre viktige faglege fora

- Psykiatritenesta har delteke i månadlege samarbeids- og fagmøte på Solli DPS, akuttmedisinske tenester i Bergensregionen, samt i regionalt forum for kommuneoverlegar i regionen.
- Kommunelege, kommunepsykolog og leiande helsesjukepleiar sit i Krise- og omsorgsteam
- Leiande helsesjukepleiar, helsestasjonslege og kommunefysioterapeut sit i palliasjonsteam
- Leiande helsesjukepleiar er kontaktperson for barn som pårørnde i kommunen.

Spesielle hendingar i 2021

Koronapandemien har heilt klart prega drifta i eininga også i 2021. I tillegg til å drifta eininga etter gjeldande retninglinjer for den enkelte har me og måtte handtera ein pågåande pandemi med høgt arbeidspress og nye arbeidsoppgåver. Sjølv om det har vore ei krevjande tid, har det også vore ei lærerik tid. Me har utvikla samarbeidet vårt både internt i og på tvers av einingane.

Mål for 2022

- Framleis god handtering av koronapandemien
- Lågt sjukefråver, godt arbeidsmiljø og godt samarbeid
- Gje gode tenester
- Kompetanseheving
- Personale i alle stillingane; Helsesjukepleiar startar i 100% stilling 1. april, og 100% stiling som Helsesjukepleiar er utlyst
- Framleis godt samarbeid med øvrige teneste



FAKTA OM SEKTOREN:

Sektorleiar oppvekst:

Bodil H. Øpstebø

Netto driftsutgifter i 2021:

Kr 58 865 202

Avvik budsjett i 2021:

Kr 737 521

(mindreforbruk 1,24 %)

Tal tilsette i 2021:

Adm. 2

Barnehage 35

Skule 51

Tal årsverk i 2021:

Adm. 1,5

Barnehage 31,30

Skule 43,76

Sjukefråvær:

Adm: 6,3 %

Barnehage: 17,37%

Skule: SBS 9,23%

SUS 2,30%

Tal barn i 2021:

Barnehage 100 (BASIL)

Private bhg 24 (BASIL)

Skule 303 (GSI)

Sektor oppvekst

Utviklingstrekk innanfor sektor sine tenester i 2021

Sektor oppvekst består av 4 einingar med skule og barnehage, pluss fellesområdet som også inkluderer vaksenopplæringa og rådgjevar barnehage som vart fast stilling frå 01.01.2022. Rådgjevar har delt ansvar for barnehageeigar og barnehagemyndede slik lova krev. Vidare har stillinga ansvar for å følgje opp alle rapporteringar, gjera vedtak, revidera rutinar og planar i tråd med nye lovverk eller justeringar, datautvikling og internkontroll.

Covid-19-pandemien har sett sine spor i skule og barnehage med tanke på høgt fråvær, auka grad av skulevegving og utfordringar i det psykososiale miljøet. Dette finn me særleg i skulane, men der er også utfordringar i barnehage kor nokre av dei små barna ikkje har vore utsett for å møte andre til leik slik som før pandemien.

Sektoren sine hovudmål og satsingsområde i 2021 – måloppnåing

Å kunne behalda trygge, dyktige tilsette som gjer ein formidabel jobb i ulike roller i skule og barnehage. Dei stod i utfordringa med omlegging i barneskulen, samt pandemi heile året igjennom. 2021 vil gå inn i historia som spesielt, men der ein sette pris på å få vera frisk, samhold, hadde ein jobb å gå til og fekk si løn. Slik har det diverre ikkje vore for alle i Noreg.

Å ha trygge og gode oppvekstmiljø for alle barn og unge med fokus på inkludering av det einskilde barn. Eit hovudmål er at kvart barn skal få lov til å vera den beste utgåva av seg sjølv - heile livet i ulike læringsprosessar. Dette skjer i samarbeid med andre einingar og i det tverrfaglege samarbeidet som kommunen har.

Å ta i bruk ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) i alle barnehagane, og i 2022 også i barneskulen som eit verktøy i språkutvikling på ulike nivå.

Å bruka ulike digitale eller analoge verktøy i læringsprosessane, samstundes få kreativ utfolding og forskning for å tileigna seg kunnskap og nyttiggjera seg den hos den einskilde elev i tråd med fagfornyninga.


Å kunne samarbeida tverrfagleg med overgongar mellom barnehage og skule, og barneskulen og ungdomsskulen.

Økonomien:

Ansvar	Funksjon	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
	ALLE	58 865 202	59 602 723	737 521
2000	Skule, barnehageadm. og VO	7 471 033	7 422 324	-48 709
2040	Dråpeslottet barnehage	9 201 825	9 219 574	17 749
2042	Vassloppa barnehage	9 604 615	9 693 108	88 493
2210	Samnanger barneskule	21 107 931	21 613 232	505 301
2230	Samnanger ungdomsskule	11 479 798	11 654 485	174 687

Frå Framsikt 18.03.2022

Netto driftsutgift per innbyggjar og tenesteområde 🔍



Ut frå KOSTRA-tal brukar kommunen litt mykje på barnehage. Kanskje ein må sjå på organisering her, men truleg bør ein samanlikna fleire år, då ulike behov kan variera nokså mykje. Det er viktig med tidleg innsats også i barnehage for å leggja til rette for ei god utvikling hos det einskilde barn. Så ser me at barnetalet minkar etter SSB sine prognosar allereie frå 2022.

Grunnskule ligg innanfor normalområdet KOSTRA-messig etter hardt arbeid med omorganisering for å gje ein best mogleg skule der alle elevar er inkludert på trinnet sitt. Men me ser at barn og unge har utfordringar i høve psykisk helse og her vert det viktig med heile laget rundt barnet/eleven. Oppvekstreforma, som kommunen no jobbar med, vil ta med dei ulike

tilbakemeldingane frå elevundersøkingar og ungdataundersøkinga samstundes som at må me trekkja elevane meir aktivt inn i det vidare arbeidet med organisering og utvikling.

Fellesutgifter barnehagane

Til forvaltninga av barnehagesektoren er det utgifter som ikkje høyrer under den einssilde barnehage. Dette gjeld:

- Kommunalt driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot til barnehagar i andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger
- Barnehageadministrasjon og kompetansemidlar (t.d. Midthordland kompetanseregion) til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar
- Styrka tiltak i privat barnehage

Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Det har vore gjennomført brukarundersøking hausten 2021. Undersøkinga og medarbeidarsamtalane viser stort sett høg trivnad. Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i fellesskap også på tvers av einingane.

Sjukefråværet er svært høgt i barnehagane, noko som gjev sut, samstundes må ein tenkje på at barnehagane har vore opne i pandemien og ved ulike symptom skulle også tilsette vera heime og då er ikkje 3,44 % på korttidssjukemelde mykje.

Så ser me at det er langtidsjukemeldte som er høgast på 13,93 %. Einingsleiarar opplever eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta, helsetenesta i kommunen og andre instansar når det er naudsynt. I 2021 har ein hatt lengre sjukemeldingar, og ein har prøvd å leggje til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø. Begge barnehagane var med i eit prosjekt med KLP over 2 år med fokus på ergonomi og bruk av hjelpeutstyr. Dette vart avslutta i august 2020.

På ungdomsskulen syner statistikken lågt sjukefråvær på tross av pandemien med 2,3 % på årsbasis. Barneskulen har hatt høgare sjukefråvær på 9,23 %.

Det har vore utfordringar med å skaffe nok vikarar i ein pandemisituasjon i skule og barnehage.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Handtering av papir og søppel fungerer jamt over godt. Skulen er ein arena for opplæring, og målet er å få betre rutinar for sorteringar. Dette var satsingsfelt med konkrete tiltak for å betre avfallssorteringa ved ungdomsskulen gjennom prosjekt grøn skule.

Spesielle hendingar i 2021

- **Barnehage**
 - Tilsyn: Det har vore tilsyn i Dråpeslottet barnehage i 2021. Tilsynet skjer gjennom samarbeid med Midthordland kompetanseregion.
- **Skule**
 - Melding om gode arbeidsøktar på begge skulane med fagfornyninga med fokus på den generelle delen, men også meir på dei ulike faga. Begge skulane jobbar med auka elevmedverknad.
 - Trivsel og psykisk helse er noko ein er oppteken av og gjennom MOT ved SUS og ulike aktivitetar har dette fått meir fokus også på barneskulen.

- **Satsting på etterutdanning**
 - Gjennom Utdanningsdirektoratet er det eit flott tiltak kor ein får dekkja mykje av utgiftene til kompetanseheving til pedagogane og dermed auka breidda på fagkompetanse. Fleire har teke engelsk, matematikk og norsk.

Utviklingstrekk

Nasjonale prøver har vore gjennomført over tid. Så ser ein ved å samanlikna at dei som ikkje har scora best på prøven i 5. klasse kan liggja over fylkessnittet og landssnittet når dei tek prøven 3 år etter, i 8. klasse. Dette kan skuldast ulike faktorar, men samstundes er det så flott å sjå utviklinga og korleis elevane avkodar og utviklar seg om enn litt i ulikt tempo. Dette må det vera rom for slik at elevane får oppleva meistring undervegs.

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne etter Opplæringslova og for vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring etter Introduksjonslova,- også i samarbeid med NAV når det er naudsynt.

Norskopplæring for innvandrarar. Også i 2021 vart denne tenesta kjøpt frå Bergen kommune, ved Nygård skole noko som fungerer godt når me har elevar på norskopplæring eller grunnskuleopplæring.

Norskopplæring		Grunnskuleopplæring	Andre: sped. ped hjelp
Våren 2021	Hausten 2021	Heile 2021	Vedtak timar
8 vaksne	5 vaksne	1 vaksen	4 vaksne

Spesialundervisning for vaksne i kommunen vert gjeve av logoped eller andre (evt. innleigd kompetanse).

Årsverk VO	2021
Leiar	0,20
Utøvande logoped	PPT-kontoret

Andre oppgåver som tek ein del tid er rettleiing til utdanning for vaksne, kontakt med Nygård skole og oppfølging av elevane. Så er det også kvart år fleire som treng stadfesting og vedtak på sin norskkunnskap for å kunne søkje om permanent opphald. Så er det ulike møte og kurs for å følgja opp kontakten med IMDi (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet).

Oppfølging av lærlingar ligg til oppvekst, men også noko ute på arbeidsstaden. Her må me bli digitale i oppfølginga og vidareutvikle oss som moderne bedrift. Fleire har no gjennomgått godkjeningsprogram hos Vestland fylkeskommune, som har overordna ansvar.

Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)

Ansvarsområde

Her vert ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den einskilde skule.

Dette er utgifter/inntekter til:

- Gjesteelevar (skulegang for elevar i andre kommunar)
- Vaksenopplæring

- Statlege kompetansemidlar til grunnskulen. 5 lærarar tok vidareutdanning 2021-2022 med vikarordning/stipend frå staten, og 1 barnehagelærarar tek vidareutdanning i spesialpedagogikk. Ein tilsett tek rektorutdanninga som Udir legg opp til.
- Medlemsavgift i Midthordland kompetanseregion. Kursmidlar til planleggingsdagar ol.

Utfordringar i året som gjekk for sektor oppvekst

Fornyng av heimesida til kommunen gav oss eit tenleg verktøy med å få presentert ulike tenester for publikum også i denne sektoren.

Pandemien har teke mykje av tida som skulle vore bruka til utvikling av planar, revidering av rutinar, implementering av nye dataprogram mm.

I tillegg gjekk mykje av hausten med i budsjettarbeid med skule og barnehage.



Eining Dråpeslottet barnehage

Ansvarsområde

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... (bhg. lova § 1)

Dråpeslottet barnehage gjev eit godt heilskapleg pedagogisk tilbod til barn i alderen 1-6 år i tråd med lovverk og rammeplan. Barn som fyller eit år innan 30. november har rett på barnehageplass ved hovudopptaket som er 01. mars kvart år.

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kjerstin Skulstad

Netto driftsutgifter:

kr 9 604 615

inklusiv styrka 2,3 mill

Avvik budsjett:

Kr 88 493

(mindreforbruk 0,9 %)

Tal tilsette:

17

Tal årsverk:

Styrar/einingsleiar 1

Grunnbemanning 11,40

Styrka § 37, § 31 3,20

Totalt 15,60

Sjukefråvær:

18,89

Tal barn i 2021:

Store 32

Små 18

Totalt 50

Tilsette frå BASIL rapporteringa 15.12.2021

Bemanningsnorm: 6 store barn/ 3 småbarn pr. tilsett

(Avdeling: 18/9)

Samnanger kommune har 3 pr. avdeling i grunnbemanning

I tillegg 0,1 pr. avd. grunna lovpålagt planleggingstid for pedagog som vert dekkja av vikarbudsjetten.

Pedagognorm: 14 store barn/7 småbarn pr. pedagog

Dråpeslottet har 32 store + 18 små x 2 (småbarn reknast som to) = 68 plasser

$68/14 = 4,86$ og dette gjev 5 pedagogar, 1 på dispensasjon pga permisjon

Utviklingstrekk

Barnehagen har tilsette med god utdanning og god erfaringskompetanse - også nokon med spesialpedagogikk.

Dråpeslottet har frå hausten 2021 hatt 3 fulle barnegrupper og ei gruppe med 4 ledige storbarnsplassar. Tal på barn som har fulltids plass har auka mykje. Ingen tilsette har vorte sagt opp, då me på grunn av barn med særskilde behov § 31 eller vedtak på § 37 tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, har hatt bruk for alle tilsette.

Grunna fleire langtidssjukemeldingar er sjukefråværet uvanleg høgt.

Oppfylle årsplanen sjølv i koronatid

Barnehagen har endra organisering av personalet for å kunne ivareta smittevernforskrifter i ei pandemitid. Store delar av året har me vore på gult nivå på regjeringa sin trafikklysmoell. Me har stort sett klart å følgja årsplanen og alle barna har fått eit godt pedagogisk tilbod.

Eininga sine hovudmål /satsingsområde

Årsplanen speglar satsingsområda til «Strategiplanen for oppvekst» der identitet og sosial kompetanse, samt språk, er hovudsatsing i

barnehagane. Me har nytta språkprogrammet ASK (Alternativt supplerande kommunikasjon), eit godt hjelpemiddel for å styrka barna si språklege utvikling. Ein har også jobba mykje med inkludering gjennom tema vennskap og barn sin medverknad.

Barnehagemiljøet

Barnehageeininga har fått på plass ein lokal handlingsplan mot mobbing ut frå nytt lovverk. Denne planen gjeld frå 01.01.2021. Eit godt psykososialt leikemiljø - vera mykje ute i naturen, og utforske lokalområde rundt barnehagen.



Samarbeid med føresette

Koronapandemien har lært oss å bruka meir digitale verktøy og bruk av programmet *Vigilo* for informasjon til heimane. Samnanger har felles barnehageopptak kor også den private barnehagen tek del. Her nyttar me brukarverktøyet *Vigilo OAS*.

Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule er oppdatert og det er meir fokus på tverrfagleg samarbeid i heile organisasjonen.

Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra



Barnehagane har levert tenester med god kvalitet med fokus på utvikling hos barnet.

Måloppnåing

Barnehagen har jobba med tema om språkopplæring kor me har nytta pedagogiske verktøy som til dømes Språksprell, Ask, Snakkepakken og Babblarna. Barnesamtaler og fokus på barna sine interesser har vore brukt for å stimulera og utvikla barna. I haust deltok barnehagen i barneaksjonen FORUT. Eit pedagogisk opplegg og innsamlingsprosjekt til barn i India. FORUT-prosjektet vart avslutta med foreldrekaffi.

Spesielle hendingar i 2021

Covid-19 har prega barnehagekvardagen gjennom nesten heile året. Med trafikklysmodellen har det stadig vore endringar i smittevernreglar, kohortar og reduserte kontaktar. Det har vore store utfordringar med å få kvardagane til å gå opp med nok folk til ei kvar tid. Me har måtte tenke heilt nytt og organisere kvardagane på nye måtar. Nye smågrupper på tvers av avdelingane, og nye måtar å jobbe på. Sauegjerdet gjev oss fleksibilitet ute. Heile personalet stod på og gjorde ein fantastisk innsats. Dette har styrka samhaldet og arbeidsmiljøet i barnehagen på ein positiv måte.

Faste tradisjonar som påskelunsj og juleavslutning med føresette gjekk ut. Barnehagen var smittefri i heile 2021.

På Dråpeslottet jobbar det mange småbarnsforeldre, men det koronarelaterte sjukefråværet har vore lite. På tross av pandemien nådde me dei måla me hadde sett oss i årsplanen, men på ein annan måte.

Investering /nye tiltak

Nye digitale verktøy

- Motivati til gjennomføring av medarbeidersamtalar vart teken i bruk
- Nye mobiltelefonar til alle avdelingar
- Fleire datamaskiner til dei tilsette

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø

Dei viktigaste områda er:

- Kompetanseheving, trivsel og arbeidsglede
- Kommunikasjon og tilbakemeldingskultur
- Ergonomi/fysisk miljø

Trivselstiltak

Julemiddag laga av dei tilsette ved Samnangerheimen vart ein suksess. Dette vart svært godt motteke og alle sette pris på oppmuntringa etter eit spesielt arbeidskrevjande år med pandemi. I tillegg fekk personalet pizza på planleggingsdagen i november.

Kompetanseheving

- Ein fagarbeidar har starta vidareutdanning i spesialpedagogikk 60 studiepoeng, med eksamen 2022.
- Ein assistent tok fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar i september.
- Ein pedagog starta vidareutdanning i spesialpedagogikk 30 studiepoeng gjennom Udir med eksamen våren 2022.
- Dei tilsette har fått kurs i språkprogrammet ASK.

Spesielle hendingar 2021

- + 6. februar: Samefolket sin dag. Barnehagen markerte dagen i ei heil veke .
- + 25. februar: Karneval
- + Fleire turar med førskulebarna til idrettsplassen/sjøen o.l.
- + Samarbeid med ungdomsskulen gjennom faget «innsats for andre».
- + Aktivitetsdag i Hagabotnane med grilling og leik.
- + Ulike heildagsturar med lunsj ute i det fri i skog og mark og til sjøen.
- + Me gjennomførte foreldremøte. Samarbeidsutvalsmøte vart gjennomført.
- + September: brannvernveke og haustfest.
- + Oktober: barneaksjonen FORUT.
- + Barnehagen har hatt fokus på vennskap og inkludering gjennom heile året, og fokus på inkludering når det kjem nye barn.
- + Samarbeid med Samnanger folkebibliotek der bibliotekaren kjem og les for barna.
- + Luciafeiringa føregjekk utandørs der foreldra var velkomne. Alle fekk nybakte og lunkne Lusekattar.
- + Desember-juleverkstad som vanleg. Presten kom og hadde julestund med dei store og små.
- + Nissefest avdelingsvis med graut. Nissen med noko i sekken var utanfor og vinka inn.





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Aud Lygre Solvang

Netto driftsutgifter:

kr 9 604 615

Avvik mot rev.

budsjett: kr 88 493
(mindreforbruk 0,9 %)

Tal tilsette:

18

Tal årsverk:

Styrar / einingsleiar 1
Grunnbemanning 11,40
Vikar plantid 0,50
Styrka §37, § 31 2,80
Totalt 15,7 årsverk

Sjukefråvær

15,38 %

Tal barn 2021:

35 store barn
15 små barn
50 barn

Eining Vassloppa barnehage

Ansvarsområde

Barnehagen har ansvar for å driva ein god barnehage i tråd med barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Det er utarbeida ein lokal årsplan for barnehagen.

Tilsette frå BASIL rapportering 15.12.2021

Bemanningsnorm: 6 store barn/3 småbarn pr. tilsett
(Avdeling: 18/9)

Samnanger kommune har 3 pr. avdeling i grunnbemanning
Vikar (0,50 når pedagogane har planleggingstid)

Pedagognorm: 14 store barn/7 småbarn pr. pedagog
35 + 15 x 2 (småbarn reknast som to) = 65
65/14 = 4,6 og dette utløyser 5 pedagogar

Økonomi

Me har hatt eit mindreforbruk på kr 88 493 kr i Vassloppa i 2021.

Me har vore påpasselege og ført reelle ekstraavgifter knytt til pandemien på *prosjekt korona* og har motteke refusjonar for førte utgifter her. Me har og fått inn sjukelønsrefusjonar som dekker inn mykje av vikarbruken.

Me hadde hausten 2021 fleire barn som fylte eitt år seint på hausten. Nye barn byrja i oktober, november og desember. Me hadde då redusert bemanning og samarbeid mellom dei to småbarnsavdelingane fram til desember 2021. Då måtte me bemanne opp med assistentstilling på grunn av auke i talet på barn.

Vassloppa Barnehage	2020- Rekneskap	2021R Revidert b	2021- Rekneskap	2021 Avvik
Ansvar 2042		9 693 108	9 604 615	-88 493

Utviklingstrekk

Barnehageeininga vart omorganisert frå 1. august 2020. Kvar barnehage fekk einingsleiar/styrar i 100 % stilling. Om våren var det ein einingsleiar i 100 %, som var fordelt på dei to ulike

einingane og kommunehuset 40/40/20, og to assisterande styrarar i 80 % stilling i kvar barnehage.

Me hadde i 2021 barn med nedsett funksjonsevne med vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod etter § 37 og spesialpedagogisk hjelp § 31. Dette utløyste ekstra lønnskostnader.

Neste barnehageår er det færre barn i barnehagealder i Samnanger kommune. Det er eit stort kull på 37 barn som byrjar på skulen i 2022, 16 av desse går i Vassloppa barnehage. Dette vil føra til at ein kan stenge ned ei avdeling i Vassloppa frå hausten 2022, noko som er teke inn i budsjettet for 2022.

Trafikklysmodellen, stadige endringar i smittevern, kohortar, redusert kontakt mellom tilsette og digitale møte, har gitt oss mange utfordringar og prega drifta dette året. Barnehagane har stått i front og vart eksponert for smitterisiko. Alle tilsette har gjort ein formidabel innsats og me har lært mykje nytt dei to siste åra. Auka fokus på hygiene og digitale møte er noko av det me ynskjer å vidareføre etter at pandemien er over.



Sauegjerdet vart nytta til oppdeling av ulike kohortar på uteområdet når barnehagen var på gult nivå.

Eininga sine hovudmål / satsingsområde 2021

Barnehagane og skulen i Samnanger har felles visjon, men i barnehagen er leik og læring nært knytt saman.



Ein god stad å vera
Ein god stad å leike og læra

Handlingsrutinar mot mobbing.

Me har jobba med førebygging og tiltak mot mobbing i heile organisasjonen og ferdigstilt lokal plan i samarbeid med dei andre barnehagane. Planen gjeld frå 01.01.2021 i tråd med nytt lovverk.

Aktivitetar, satsingsområde

- Turar i nærmiljøet i skog og mark, til sjøen og til Bjørkheim. Alle avdelingane.

- Tema i tråd med årsplanen t.d. kroppen og språkstimulering ved bruk av bilete og symbol og bruk av ASK.
- «Hjartevarme måltid» og hyggeleg lag på tvers av generasjonar. Pensjonistar som bur aleine fekk komme i barnehagen og ete middag saman med førskulebarn. Dette har vorte sett på pause i heile 2021 på grunn av Covid-19 pandemien.
- Digitale verktøy er nytta meir i rutinearbeidet med føresette. Dette sikrar god informasjon og kommunikasjon med heimane. I arbeid med budsjett for 2022 vart det jobba med å få på plass digitale tavler i dei kommunale barnehagane.
- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid, med PPT, helsesjukepleiar og barneskulen.

Det vart gjennomført foreldremøte i barnehagen i oktober, og eit møte i samarbeidsutvalet i september.

Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass

- I august 2021 vart det tilsett ein ny spesialpedagog i fast stilling (del av grunnbemanning). Ein pedagog vart tilsett i vikariat i mellombels stilling.
- Me tilbyr kompetanseheving og erfaringslæring på arbeidsplassen. Hausten 2021 starta me eit to-årig kompetansehevingsprosjekt for alle tilsette i Vassloppa. «Rekomp» er kompetanseheving i partsamarbeid med HVL (Høgskulen på Vestlandet). Me har fått kr. 165 000,- i prosjektmidlar. Satsingsområde er innføring av ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon) som er eit godt supplement i språkutvikling for alle barn i det ordinære barnehagetilbodet.
- Det har vore ein stabil bemanningssituasjon i 2021 med tilstrekkeleg tal pedagogar i eininga.

Måloppnåing 2021

- Barna har takla endringane med kohortar og avgrensingar på ein god måte, samstundes som dei har utvikla seg og tileigna seg nye kunnskapar gjennom ulike prosjekt ein har hatt.
- Me har klart å drifta barnehagen med fulle opningstider, samt oppretthalde matsservering i heile 2021. Barnehagen stengde ned ei storbarnsavdeling i ein dag i november på grunn av at ein tilsett testa positivt.
- Sjølv om me har hatt eit heilt år med pandemi har me ikkje stor auke i sjukefråvær.
- Me har klart å halde oss innanfor budsjett og hatt eit mindreforbruk på kr. 88 000,-. Me har passa på å føre opp reelle koronautgifter og fått inn refusjonar for dette.
- Me har stort sett gjennomført årsplanen på trass av pandemien, men nokon markeringar vart endra eller avlyste. Dette gjaldt m.a. påskelunsjen, juleavslutning og foreldrekaffi.

Kompetanseheving i 2021

- Ein fagarbeidar byrja hausten 2021 på etterutdanning i *arbeid med livsmestring og helse i barnehagen*, 30 studiepoeng.
- 28.10 var det førstehjelpskurs og kurs med det nye lokale barnevernet.
- Dei tilsette har fått kurs i språkprogrammet ASK.

Spesielle hendingar 2021

- **12. februar** - Karneval
- **09. mars** - Markering av Barnehagedagen: «Klima og miljø»
- **25. mars** - Påskelunsj. Føresette var ikkje invitert
- **juni** - Avslutningsfest for 6-åringane med foreldre
- **20-24. september** – Brannvernveke
- **29. september** kakefest med nydeleg marsipankake frå ordførar.
- **07. oktober** - **Foreldremøte** Tema: Korleis barnehage og foreldre kan jobbe for å førebygge utestenging og mobbing. Brukte videoar og refleksjonsspørsmål frå Redd Barna.
- **22. oktober** - Haustfest
- **10. desember** - Julebord for tilsette med nydeleg mat frå Samnangerheimen.
- **13. desember** - Luciafrukost – gjekk til Skottabakken og song til bebruarane.
- **17. desember** – Nissefest





FAKTA OM EINGA:

Einingsleiar:

Eli Kristin Berge

Netto driftsutgifter:

Kr 21 107 931

Avvik budsjett:

Kr 505 301

(mindreforbruk 2,4 %)

Tal tilsette:

33

Sjukefråvær:

9,23%

Tal årsverk:

28,46

Tal elevar i 2021:

208

Tal elevar sfo i 2021:

46

Eining Samnanger barneskule

Ansvarsområde

Samnanger barneskule driftar etter gjeldande nasjonale planar, lover og forskrifter. Skulen skal vera ein god stad å vera og ein god stad å læra. Skulen har fokus på å sjå heile menneske og vektlegg både sosiale og faglege mål gjennom tidleg innsats og kjerneverdiane våre. Engasjerte elevar og kollegaer er verdiar me ynskjer å sjå i praksis. Me er ein skule i utvikling og har godt kvalifiserte tilsette som trivst på arbeidsplassen sin.

Utviklingstrekk i 2021

Året 2021 har vore krevjande med store utskiftingar av tilsette. 7 tilsette har anten slutta eller gått av med pensjon dette året. Me ynskjer å bruka skuleåret 21/22 til eit prøveår med omsyn til læremidlar. Me har nytta den digitale plattformen Skolestudio – basis 1-7. Dette er eit komplett digitalt læreverk for alle fag.

Endring av dagsrytmen. Skulen startar no kl. 08:45, med økter på i snitt 75 minutt. Me har to friminutt gjennom dagen. Lengre samanhengande økter, og lengre friminutt, gjev tid til djupnelæring og lek. I skuleåret 21/22 er det seks tilsette som tek etter- og vidareutdanning. Skulen tilbyr to timar leksehjelp til elevar på 5-7. trinn. Me har ikkje hatt helsesjukepleiar, noko som har vore eit stort sagn. Det er gratis skuleskyss for elevar frå 2. til 4. klasse som har mellom 2 km og 4 km avstand til skulen. I feriane til skulen har SFO eit tilbod. Det er ikkje krav om tal elevar for å halda SFO ope i desse ferievekene. Dette er positive trekk ved organisasjonen.

Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2022

- ✓ Me vil arbeida fram kjerneverdiane for skulen. Desse kjerneverdiane skal visa att i skulekvardagane våre.
- «Vi-skule», der vennskap og fellesskap er kjerneverdiane.
- Leksebevisst skule der meistring og motivasjon har fokus.
- Samarbeid med andre. Me har eit felles ansvar for våre elevar.
- Inkluderande skule gjennom anerkjenning, respekt, aksept for ulikskap der me lyttar til eleven si røyst.
- Livsmeistring ved å anerkjenna kjensler, god kommunikasjon og å bry seg.

- ✓ Me vil ha fokus på pedagogisk utviklingsarbeid – både ved å leggja til rette for dette strukturelt, men også ved å skapa ein kultur som fremjar interesse, engasjement og det å vera nysgjerrig på pedagogikk.
- ✓ Me ønskjer å ha lesing i alle fag. Me vil ha ny leseplan som kan gjelda alle trinn frå hausten 2022. Me vil halda fram samarbeidet med folkebiblioteket.
- ✓ Saman med kommunen utarbeida ein overordna plan for uteområdet der universell tilrettelegging, lys og trafiksikring er med.



Teambuilding



Pyjamasdag

Måloppnåing i 2021

- ✓ Me opplever at elevane i hovudsak har eit trygt og godt skulemiljø. Elevundersøkinga viser at me ligg jamt med dei nasjonale resultatane. Det er likevel ei tilbakemelding at elevane saknar skulehelsetenesta.
- ✓ Resultata frå lærarundersøkinga samt trivselsundersøking mars 2021, viser at me er på god veg til å etablere ein trygg og god arbeidsplass for alle tilsette.
- ✓ Alle elevar og tilsette har tilgang til eigne datamaskiner og headset. Fleire av lærarane har fått eit opplæringsansvar i ulike digitale program. Dette er i regi av IKTNH.
- ✓ Satsingsområda i samband med leksemedviten skule og LK20 vert ført vidare, og utvida, gjennom arbeidet med kjerneverdiane våre.
- ✓ Lærarane har fått auka kunnskap gjennom kompetansepakkar knytt til skulebiblioteket.

Resultat nasjonale prøvar gjennom dei siste fire åra;

År	Engelsk	Lesing	Rekning
18-19	50	45	49
19-20	47	48	49
20-21	48	46	51
21-22	45	47	46

Dette viser at resultatene ligg under nasjonalt nivå. Me veit at utslaga kan verta større ved små klassar. Blant tiltaka våre er etter- og vidareutdanning av tilsette, ny leseplan og lesing i alle fag, rettleia lesing og aktive elevar.

Trivsel: Elevundersøkinga viser at me m.a. har nådd målsetjingane om god trivsel på skulen. Eksempla under viser utdrag frå elevundersøkinga gjennomført av 5.-7. trinn haust 2021. Høg verdi viser positivt resultat.

Spørsmål	SBS	Fylke
Trivst du på skulen?	4,1	4,1
Trivst du saman med elevane i gruppa/klassen din?	4,4	4,3
Opplever du at lærarane har tru på at du kan gjera det bra på skulen?	4,5	4,2
Læraren hjelper meg slik at eg forstår det eg skal læra	4,3	4,2

Spesielle hendingar i 2021

- Koronapandemien har utfordra oss i kvardagen i år og. Me har vore på gult nivå etter trafikklysmodellen store deler av året. Det vil seie at klassane er å sjå på som ein kohort og kan berre samarbeide med parallell klassen sin. Friminutta er inndelt i ulike områder og elevane rullerer på kva området dei skal nytta. SFO er og inndelt i klassekohortar. Dette gjev ein skule som er lite fleksibel og me har hatt få felles opplevingar som skule samt utfordra oss og på å finne aktivitetar som er innanfor smittevern-råda på gult nivå. I tillegg har me hatt stort sjukefråvær både blant elevane våre og dei tilsette. Det har vore ulikt krevjande veker med stort behov for informasjon til føresette.
- Digitale tavler og data/Chromebook til alle elevane våre, samt headsett til alle. Hausthalvåret har me gått for digitalt læreverk.
- Leselystprosjekt. Skulen fekk våren 2020 tilskot til eit leselystprosjekt som skal styrka skulebiblioteket på skulen. Dette prosjektet starta opp august 2020 og vil halda fram til ut 2021. Pengestønaden gjekk til å auka skulebibliotekarstillinga på skulen samt at folkebibliotekaren blir knytta til skulen nokre prosent. Dei tilsette har vore gjennom ei kompetanseheving innan skulebiblioteket. Det er og laga eit utkast til leseplan for alle klasstrinn. Den skal brukast frå august 2022. Målet er å skapa leseglade og informasjonskompetente elevar i tett samarbeid med både skulebiblioteket og folkebiblioteket i Samnanger.
- Den nye læreplanen LK20 utfordrar oss på nye måtar å undervisa på. Me har nytta fellesmøter til kompetanseheving og drøfta kva praksis me har.
- Fekk på plass nytt sklisikkert golv og nye sløydbenkar i sløydsalen.

- Gjennomførte felles planleggingsdag med tilsette på ungdomsskulen. Målet er å verta kjende med kvarandre og samarbeida meir på tvers av skulane.
- Ny dagsrytme for elevane, med nye klokkeslett for timar og friminutt frå hausten 2021
- Leksehjelp for elevane 5.-7.trinn frå hausten 2021.



Leirskule på seglskuta Mathilde.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar/rektor:

Kurt Helge Pedersen

Netto driftsutgifter:

Kr 11 479 798

Avvik mot rev.budsjett:

Kr 174 687 kr

(mindreforbruk 1,5 %)

Tal tilsette:

18

Tal årsverk:

Vår 15,93

(1,12 årsverk av dette til Vidareutdanning for tre pedagogar. Vikarutgifter refundert frå stat)

Haust 15,30

(0,19 årsverk av dette til vidareutdanning for ein pedagog. Vikarutgifter refundert frå stat)

Sjukefråvær:

2,30 %

Tal elevar

Vår 88/ Haust 95

Eining Samnanger ungdomsskule

Ansvarsområde

Samnanger ungdomsskule har ansvar for opplæringa frå 8.-10. trinn i grunnskuleopplæringa og driv etter gjeldande lovverk.

§9A-2 i Opplæringslova er grunnleggjande *Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Utviklingstrekk

Samnanger ungdomsskule har som alle andre sidan 12. mars 2020 gjennomført ei rekke koronatiltak. Dette har òg prega 2021. Det har blitt sett i gang mange tiltak på kort varsel for å sikra opplæringa til elevane, og dei tilsette har merka auka arbeidspress i denne perioden. Det har vore ekstra fokus på å ta vare på alle under pandemien, både elevar og tilsette. Me har klart å gje eit godt tilbod til elevane utan mykje ekstra kostnader.

Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2021

Fagfornyinga: Innføringa av nye læreplanar er hovudsatsingsfelt.

Dei tilsette starta innføringa hausten 2020 for 8. og 9. trinnet.

Hausten 2021 er det 10. trinn som har stått for tur. Me har gjort mykje forarbeid og brukt store delar av fellestida vår til felles kompetanseheving for å verta godt rusta med fagfornyinga . Me har blant anna brukt kompetansepakka som vart utvikla av Utdanningsdirektoratet til dette. Fagfornyingsarbeidet vil halda fram dei neste åra.

Inkluderande skule: *Ein god stad å vera – ein god stad å læra*, er det overordna slagordet for oss. Me jobbar kvar dag for å gjera

kvaliteten best mogeleg både når det gjeld trivsel og læring for elevane. Samnanger ungdomsskule har fokusert mykje på å styrke ungdom si psykiske helse. Me er ein MOT skule som følgjer eit anerkjend program for å gje dei unge reiskap til å styrke si psykiske helse og takle motgang og utfordringar. Programmet fokuserer òg mykje på å styrke toleranse, forståing og samhald. Me har hatt gode erfaringar med dette arbeidet, ikkje minst i koronatida.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (§9A-2 i opplæringslova). Me arbeider kvar dag for å nå dette målet og set inn tiltak som lovverket krev gjennom *aktivitetsplikten*. I tillegg set me i gang førebyggjande tiltak og fellesopplevingar for å styrke skulemiljøet. Tett samarbeid mellom kontaktlærar, sosiallærar, leiing, skulehelsetenesta, PPT og

kommunepsykolog og andre fagmiljø er svært viktig og fungerer godt.

Juniorforskarprosjekt: Skulen gjennomførte eit samarbeidsprosjekt med Universitetet i Bergen med 9. trinn i 2020. Elevar og lærarar som deltok i prosjektet har fått opplæring og tilbakemelding i samarbeid med planlegging og gjennomføringa av elevstyrte forskingsprosjekt i 2020. Dette prosjektet har me vidareført i 2021.

Utemiljøet: 2019 starta med ei rekke utbetringar av tilbodet for elevane i friminutta. Dette har me halde fram med i 2020 og 2021. Innkjøp og installering av fleire aktivitetstilbod i friminutta har ført til auka fysisk aktivitet hos elevane.



Valfagstilbod:

Desse tilboda har elevane skulåret 2021-22: Innsats for andre, Design og redesign, Fysisk aktivitet og helse, Friluftsliv og Programmering. I Friluftsliv har elevane blant anna vore med på overnattingsturar i naturen i nærmiljøet.

Arbeidslivsfag: Hausten 2020 og våren 2021 utvida me tilbodet om arbeidslivsfag for fleire elevar enn tidlegare. Faget er eit sidestilt alternativ til framandspråk/fordjupingsfag som elevane vel. Elevane har gjort mykje vedlikehald på skulen, spesielt med oppgradering av Kunst og handverksavdelinga. Skulen ønsker å framheve praktisk arbeid som sidestilt med teoretisk arbeid. Det er litt ekstra kostnader med å tilby arbeidslivsfag som tredje alternativ. Minimumskrav er to fagalternativ.

Grøn skule: Samnanger ungdomsskule vil engasjere seg meir med å jobbe med temaet berekraftig miljø i åra framover. Dette er òg i tråd med fagfornyninga.

Betre handtering av avfall er me i ferd med å utvikla vidare. Dette er satsingsfelt «Grøn skule» i 2021. Skulen har kjøpt inn nye avfallsbøtter med fargekodar for betre sortering i 2020.

Vidareutdanning for pedagogar: Samnanger ungdomsskule sitt slagord *Ein god stad å vera og ein god stad å læra*, gjeld i høgste grad òg for dei vaksne som jobbar på skulen. Me er ein lærande organisasjon, og me skal heile tida utvikle oss vidare. I 2021 har tre tilsette fullført vidareutdanning i matematikk og norsk gjennom Utdanningsdirektoratet. Ein lærar har òg fått funksjonen lærarspesialist i matematikk, ei rolle som skal rettleie andre tilsette i matematikk med ny forking og metodar i tråd med fagfornyninga.

Måloppnåing

Det er ikkje alt arbeid i skulen som er lett å måle presist, men grunnskulepoeng og resultat på nasjonale prøver er konkrete talverdiar, men det viser ikkje heilskapen av alt det skulen driv med.

Resultata dei siste åra syner at me har nådd målet om å vera over snittet i Vestland i grunnskulepoeng dei fleste åra, men for 2021 låg me under. Grunnskulepoeng er eit samla mål for elevane sine karakterar i fag ved avslutninga av 10. trinn – både standpunkt- og eksamenskarakterar. (Både i 2020 og 2021 vart både skriftleg og munnleg eksamen avlyst på grunn av Korona-epidemien, og grunnskulepoeng er berre basert på standpunktkarakterar)

Det er gode resultat på dei nasjonale prøvene når me samanliknar oss med andre. 8. trinn ligg over snittet i Vestland både i lesing og rekning og likt i engelsk. Dette er eit resultat av arbeid som er gjort i barneskulen. 9. trinn ligg godt over snittet i Vestland både i lesing og rekning.

Grunnskulepoeng Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N) Vestland (V)

	2017	2018	2019	2020	2021
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	45,6 SUS 41,8 H 41,4 N	43 SUS 42,3 H 41,8 N	42,8 SUS 42,1 H 42,0 N	44,9 SUS 43,3 V 43,2 N	42,9 SUS 43,5 V 43,3 N

Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N) Vestland (V)

2019, 2020, 2021	SUS-19	H-19	N-19	SUS-20	V-20	N-20	SUS-21	V-21	N-21
Lesing 8 tr	49	49	50	51	49	50	51	50	50
Lesing 9 tr	54	53	54	53	53	54	56	53	53
Engelsk 8 tr	51	50	50	53	50	50	50	50	50
Rekning 8 tr	50	49	50	53	50	50	53	50	50
Rekning 9 tr	53	53	54	52	53	53	56	53	53

Resultata vert analysert og er først og fremst eit verktøy for kartlegging av kvar enkelt elev som kan føre til tilpassing av opplæringa vidare.

Skoleporten - Elevundersøkelsen			
Samnanger ungdomsskule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2021-2022, Trinn 10,			
Indikator og nøkkeltall	Samnanger ungdomsskule	Vestland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	4,0	3,7	3,8
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,3	3,4
Faglig utfordring	4,4	4,2	4,3
Felles regler	4,0	4,0	4,0
Trivsel	3,8	4,0	4,1
Mestring	3,8	3,9	3,9
Utdanning og yrkesveiledning	3,6	3,7	3,8
Støtte fra lærerne	3,9	4,0	4,0
Motivasjon	3,3	3,3	3,5
Vurdering for læring	3,5	3,2	3,3
Støtte hjemmefra	4,1	4,0	4,1

Elevundersøkinga hausten 2021 med indikator og nøkkeltal viser likt eller betre resultat på mange av punkta samanlikna med Vestland fylke og nasjonalt nivå.

Trivsel kjem tydeleg under snittet. Me jobbar med trivselstiltak fortløpande. Variert undervisning og meir praktisk orientering er nokre av fokusområde i fagfornyinga som òg kan føre til auka trivsel. Me kjem til å gjera ein del tiltak for å auke graden av elevmedverknad, sjølv om me kjem godt ut på elevmedverknad, for å få meir innspel frå elevar som kan vera med å auke trivsel.

Økonomi: Skulen har halde seg godt innanfor gjeldande budsjetttramma på 11,48 mill. kr med 172 592 kr i mindreforbruk. Lite sjukefråvær (2,30%) og fleksible arbeidstakarar har gitt låge vikarutgifter. Det er gjort ein del større innkjøp av læreverk/digitale læremiddel i samband med fagfornyinga, og me ligg i rute i forhold fornyinga.

Arbeidsmiljø: Medarbeidarsamtalar og brukarundersøkinga viser at det er god trivsel blant dei tilsette. Dette fremjar òg kvaliteten på arbeidet med elevane.

Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i samla fellesskap. Me har størst fokus på samla kompetanseheving innanfor fagfornyinga i år og neste år. Dei tilsette er engasjerte, men det er viktig å ikkje gape over for mange andre prosjekt som kanskje ikkje blir fullførte og som igjen kan føre til mindre motivasjon, trivsel og kvalitet. Innføring av nye læreplanar samtidig med koronatiltak har vore utfordrande.

Koronatida har avgrensa litt av den felles sosiale tida me alle har ilag, men me har prøvd å ivareta det sosiale ved å leggje inn litt felles pause før fellesmøtet måndag i periodar.

Einingsleiar opplever elles eit godt samarbeid med andre einingar og andre samarbeidspartnarar.

Spesielle hendingar i 2021

Covid-19-handteringa: Samnanger ungdomsskule har ikkje vore stengd i 2021, men me har veksla mellom raudt, gult og grønt nivå på smittevern tiltak i skulen.

Det har vore eit utfordrande år både for elevar, føresette og tilsette. Me har klart å gjennomføre eit opplæringstilbod av god kvalitet takka vera god innsats og ikkje minst vilje og evne til fleksibilitet. Ungdomane har hatt begrensa sosial kontakt med andre både i skuletida og på fritida, særleg på raudt nivå. Fleire ungdomar enn tidlegare opplever negative sider av isolasjonen. Dette kjem fram i Ungdataundersøkingar i landet.

Innføring av nye digitale løysingar: I 2021 har administrasjonen og tilsette vore gjennom mange endringar når det gjeld digitale løysingar. Samarbeidet med andre kommunar gjennom IKTNH har vore nyttig, men mengda av nye digitale løysingar har vore stor særleg for administrasjonen. Skulen har brukt Visma Flyt Skole internt, men skal opna for føresette gjennom appen Min skole i løpet av våren 2022. Her vil store delar av kommunikasjonen og dagleg informasjon mellom heim og skule vera.